

Årsrapport 2021



norsk
pasientskade-
erstatning

Innhald

I. Rapporten frå leiaren	3
II. Introduksjon til verksemda.....	6
Oppgåver.....	6
Visjon og verdier.....	6
Organisasjon.....	7
Slik er saksbehandlinga.....	8
Strategi for 2019-2023.....	9
III. Årets aktivitetar og resultat.....	10
1. Hovudmål	10
2. Styringsparameter.....	10
3. Andre prioriteringar.....	12
Nøkkeltal.....	16
Produktivitet.....	18
Organisasjonen og menneska.....	19
Berekraftsmåla.....	20
IV. Styring og kontroll i verksemda.....	21
V. Vurdering av framtidsutsikter.....	23
VI-A. Årsrekneskap 2021 Norsk pasientskadeerstatning.....	24
VI-B. Årsrekneskap 2021 Fond for pasientskadeordninga – offentlig helseteneste.....	39
VI-C. Årsrekneskap 2021 Fond for pasientskadeordninga – privat helseteneste.....	46
Året som har gått.....	53
Ny meinfor skrift på pasientskadeområdet.....	53
Arbeidet med flyttinga til Middelthuns gate 29.....	54
Ny kommunikasjonsstrategi.....	56
Førebuingar til ny saksbehandlingsløyising	57
Kortare saksbehandlingstider i 2021.....	58
Ny seksjon for saksbehandling og tenesteutvikling	59
Nytt tilbod om opplæring av avtalesakkunnige	60
Korleis er det å jobbe i NPE?	62
Møt NPE sin nye avdelingsdirektør og HR-sjef.....	64

I. Rapporten frå leiaren

NPE mottok 6553 nye søknader om erstatning i 2021, mot 5695 i 2020. Det er ein auke på 15 prosent. Auken i mottekne saker skuldast i stor grad søknader om erstatning etter koronasmitte og -vaksine. Det utgjer til saman 674 saker.

Koronavaksine

I løpet av 2021 fekk vi inn nærare 300 søknader om erstatning i samband med koronavaksinar.

Ifølgje Legemiddelverket var det sett over 10,2 mill. dosar koronavaksinar og det var rapportert inn opp mot 49 000 tilfelle av mistenkte biverknader. Sett opp mot desse tala kan vi heldigvis seie at det er eit ganske lite tal personar som har søkt erstatning på grunn av biverknadsskadar. Når det er sagt, er det viktig å ta vare på dei som har fått alvorlege plager og biverknader. Koronavaksinane er omfatta av det nasjonale vaksinasjonsprogrammet, noko som gir eit ekstra sterkt rettsleg vern for erstatning ved skade.

Saksbehandlingstida har gått ned

Kvar sak blir vurdert individuelt og konkret, og vil ha forskjellig behov for medisinsk og juridisk utgreiing. Saksbehandlingstida vil difor variere mykje. I snitt gjekk ventetida for svar på søknaden ned med 12 prosent. For dei sakene som fekk ja og som fekk utbetalt erstatning, gjekk saksbehandlingstida ned med 23 prosent, samanlikna med året før.

Trass i det store talet saker har vi klart å få ned saksbehandlingstida såpass mykje. Vi veit at tidsbruken er viktig for alle som ventar på svar. Samtidig er vi opptekne av å sikre ein god kvalitet i både den juridiske og medisinske utgreiinga. Gjennom å redusere saksbehandlingstida såpass mykje har vi levert betre tenester til brukarane, noko eg er fornøgd med.

2021 blei òg på mange måtar eit krevjande og annleis år. På grunn av smitteverntiltak har medarbeidarane våre jobba heimefrå det meste av året. Gode digitale løysingar og endringsvillige og engasjerte medarbeidarar har bidrege til at vi greide å halde eit godt aktivitetsnivå.

Utbetalt erstatning

Vi utbetalte over ein milliard kroner til pasientar og etterlatne sist år. Det er fjerde året på rad at utbetalingane overstig ein milliard. Pengar kan ikkje erstatte tapet av eit liv eller gi betre helse, men det kan bidra til å gi auka livskvalitet for pasientar som har opplevd å få skadar etter feilbehandling.



Rolf Gunnar Jørstad

Styrkt HR-satsing

Vi har oppretta ein eigen avdeling for HR og organisasjonsutvikling, for å tydeleggjere satsinga på organisasjons- og medarbeidarutvikling. Dyktige og ambisiøse medarbeidarar er dei viktigaste ressursane til NPE. Vi legg vekt på å rekruttere og ta vare på flinke medarbeidarar med rett kompetanse. Vi legg monalege ressursar i kompetansebygging for å gjere tilsette i stand til å ta i bruk ny teknologi og nye arbeidsmetodar.

Ny kommunikasjonsstrategi

I 2021 lanserte vi ein ny kommunikasjonsstrategi. Føremålet med den nye strategien er å tydeleggjere kor viktig god og målretta intern- og eksternkommunikasjon er, og å gjere det lettare å prioritere kva for oppgåver som er viktigast. Strategien blir følgd opp i praksis med konkrete tiltak.

Ny visuell profil

I løpet av 2021 har vi jobba fram ein ny visuell profil, som mellom anna inneber at vi har fått ny logo, nye profilfargar og nye grafiske element. Hovudmålet med den nye visuelle profilen er å uttrykkje kjerneverdiane våre, som er omtenkjam, opplysende og kvalitetsmedviten. Det ynsker vi òg at det visuelle uttrykket skal formidle.

Eg er fornøgd med korleis det endelege resultatet har blitt, og stolt av dei nye nettsidene og uttrykket. Vi håpar erstatningssøklarane og andre brukarar òg vil like den nye visuelle profilen vår.

Digital satsing

Vi har felles saksbehandlingsløyising med Nasjonalt klageorgan for helsetjenesten. Løysinga har vore med oss lenge. Vi treng ei løysing som er meir brukarvenleg og som er meir berekraftig i drift og utvikling. Gjennom 2021 har vi jobba med å skildre behov og førebu anskaffinga av ny løysing.

Det skjer òg mykje anna spennande på digitaliseringsområdet. Eg synest det er ekstra gøy at vi har teke i bruk vår fyrste robot. Roboten er i opplæringsfasen no og hjelper oss med lagring på økonomiområdet. Tanken er sjølvsagt at vi skal bruke han på fleire område etter kvart.

Vi gler oss òg til å kunne ta i bruk Microsoft Teams som møteplattform og etter kvart som samhandlingsverktøy. Vi har brukt hausten 2021 til å førebu innføringa i tett dialog med Norsk helsenett som leverandør.

Andre oppgåver

Vi behandlar store mengder personopplysingar i saksbehandlinga vår og er naturlegvis opptekne av å behandle opplysingane på ein trygg måte. Eg er difor tilfreds med at vi i 2021 etablerte eit styringssystem for informasjonstryggleik og personvern. Oppfølging på dette området vil framleis ha høg prioritet for oss.

Økonomistyringa vår blei òg i 2021 prega av pandemien. Det var krevjande å planleggje aktivitetsnivået under skiftande fasar med nedstenging og delvis opning. På nokre område hadde vi mindreforbruk fordi aktivitetar måtte utsetjast eller avlyst. Samtidig

bidrog det høge talet behandla saker til høge utgifter til sakkunnigtenester. Samla sett fekk vi eit meirforbruk på 2,6 mill. kroner.

Samla sett meiner eg NPE har løyst samfunnsoppdraget på ein god måte i 2021. Eg er godt fornøgd med kva vi har fått til i endå eit spesielt år under pandemien. Arbeidet med å forenkle måten vi jobbar på, effektivisere prosessane våre, utvikle organisasjonen og jobbe vidare med gode digitale løysingar vil òg stå sentralt i 2022.



Rolf Gunnar Jørstad
direktør

II. Introduksjon til verksemda

NPE er ein statleg etat underlagd Helse- og omsorgsdepartementet. Vi behandlar erstatningskrav frå pasientar som meiner dei har fått ein skade etter behandlingssvikt i helsetenesta.

Oppgåver

NPE har tre forskriftsfesta oppgåver.

Vi skal:

1. avgjere om erstatningssøklarar har krav på erstatning og fastsetje storleiken på erstatninga
2. bidra med statistiske data til kvalitetsforbetring og skadeførebyggjande arbeid i helsetenesta
3. informere om pasientskadeordninga til pasientar, helsetenesta og publikum

Visjon og verdiar

NPE legg stor vekt på kvalitet og fagleg ekspertise. Vi ynskjer å tydeleggjere at vi i alle ledd av saksbehandlinga set pasienten i fokus.


I arbeidet vårt vektlegg vi desse verdiane:

Omtenssam - Vi skal møte erstatningssøkjaren med openheit, forståing og respekt. Kontakten vår skal vere personleg og vi skal gi individuell hjelp og oppfølging. Vi skal vise tiltru til erstatningssøkjaren, slik at han eller ho opplever tryggleik og tillit.

Opplysende - Vi skal drive aktivt opplysningsarbeid om pasientskadeordninga. Verksemda vår skal vere synleg, lett tilgjengeleg og godt kjend. Vi skal ha god og konstruktiv kommunikasjon med erstatningssøklarar, helsetenesta og andre aktørar.

Kvalitetsmedviten - Alle nivå i organisasjonen skal vere prega av openheit, kompetanse og effektivitet. Dette skal gi erstatningssøklarane eit rett og raskt resultat.

Organisasjon



Leiargruppa i Norsk pasientskadeerstatning



Bak frå høgre: Rolf Gunnar Jørstad, Vibeke Bugge Møllhausen og Marit Stene Myrvåg. Framme frå høgre: Torill Svoldal Stæhr, Anne-Mette Gulaker, Ragnhild Remøy og Kjersti Trøseid.

Slik er saksbehandlninga

Slik er saksgangen frå vi tek imot søknad om erstatning og fram til saka er ferdigbehandla.

Innleiande saksbehandlning

Erstatningssøkjjar kan velje å sende søknadsskjemaet digitalt eller med post. Vi tilrår å sende det digitalt, det er enklare og vi kan starte saka raskare.

Vi vil hente inn ein uttale frå den behandlingsstaden der erstatningssøkjjar meiner skaden skjedde. Vi innhentar òg eventuell annan relevant dokumentasjon, som journalar og liknande. Vi vil sende erstatningssøkjjar kopi av uttalen frå behandlingsstaden og har høve til å kommentere denne.

Saksbehandlar greier ut saka

Saksbehandlaren vil sjå på dokumentasjonen vi har fått inn og innhente meir informasjon om nødvendig. Dei viktigaste dokumenta i saka er innspela til erstatningssøkjaren, journal, uttalen frå behandlingsstaden og ei sakkunnig vurdering av saka.

Erstatningssøkjjar vil bli orientert om kva som skjer undervegs i saka. Erstatningssøkjjar kan sjølvst og ta kontakt med saksbehandlaren sin, om han/ho lurar på noko, eller har nye opplysingar i saka.

Vurdering av dei medisinske problemstillingane i saka

Vi innhentar medisinsk sakkunnig vurdering i dei fleste sakene. Den sakkunnige skal ut frå den faglege bakgrunnen sin som spesialist gi ei vurdering av den behandlinga og oppfølginga pasienten har fått.

Saksbehandlar greier ut om erstatningssøkjjar har krav på erstatning eller ikkje.

Utrekning av erstatning

Om vi meiner at erstatningssøkjjar har rett til erstatning, vil vi finne fram til storleiken på erstatninga. I denne fasen av saksbehandlninga treng vi innspel og informasjon frå søkjaren. Vi reknar ut erstatninga etter lov om skadeserstatning.

Saksbehandlar vil fastsetje erstatninga ut frå den konkrete situasjonen til erstatningssøkjaren, slik at noverande og framtidige økonomiske tap blir dekte. Erstatninga skal dekkje dei tapa erstatningssøkjjar har, som ikkje blir dekte av eventuelle sjukepengar, trygderettar og liknande.

Målet er at erstatningssøkjjar skal ha tilnærma den same økonomiske situasjonen som han/ho hadde før skaden.

Strategi for 2019-2023

Strategisk hovudmål: **Vi skal redusere saksbehandlingstida ved å forenkle måten vi jobbar på.**

Satsingsområde 1: Vi brukar tida effektivt

Dette gjer vi gjennom å:

- prioritere arbeidsoppgåver og utviklingstiltak som gir verdi
- effektivisere kvart ledd i saksbehandlinga av pasientskadar
- effektivisere arbeidet i alle einingar
- gi brukarane ansvar for å bidra meir i søknadsprosessen
- skape ein open samarbeidskultur

Satsingsområde 2: Vi brukar kompetansen vår innovativt og løysingsorientert

Dette gjer vi gjennom å:

- utvikle kompetansen og dele kunnskap på ein systematisk måte
- skape ein kultur for å gi og ta imot tilbakemeldingar
- ta leiarrolla, vere modige i endringsarbeid og leining
- aktivt få fram innovative tiltak
- byggje kompetansen vi treng i framtida

Satsingsområde 3: Vi har effektive og målretta avgjerdsprosessar




Dette får vi gjennom å:

- styrkje avgjerdsdugleiken hjå saksbehandlarane
- delegere oppgåver og avgjerder
- kommunisere avgjerder klart og tydeleg
- Vi brukar gode digitale verktøy

Satsingsområde 4: Vi brukar gode digitale verktøy

Dette gjer vi gjennom å:

- forenkle dagens løysingar
- byggje digital kompetanse
- ta i bruk nye digitale verktøy



III. Årets aktiviteter og resultat

Frå tildelingsbrevet for 2021 frå Helse- og omsorgsdepartementet:

1. Hovudmål

Rask og god saksavvikling skal ha høgaste prioritet i arbeidet i Norsk pasientskadeerstatning.

Balansen mellom det å vere grundig og tidsbruk skal vurderast kontinuerleg.

2. Styringsparameter

- 70 % av sakene der erstatningssøkjaren er tilkjend erstatning (medhaldssakene) skal vere ferdigbehandla innan det har gått 24 månader. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for desse sakene skal ikkje overstige 21 månader.

Resultat:

Vi oppfylte både målsetjingane her: 84 % av desse sakene blei avslutta innan 24 månader og gjennomsnittleg saksbehandlingstid var 453 dagar = 15,1 månader.

- 85 % av sakene der erstatningssøkjaren ikkje blir tilkjend erstatning (avslagssakene) skal vere ferdigbehandla innan det har gått 12 månader. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for desse sakene skal ikkje overstige 7 1/2 månader.

Resultat:

Vi oppfylte både målsetjingane her: 90 % av desse sakene blei avslutta innan 12 månader og gjennomsnittleg saksbehandlingstid var 198 dagar = 6,6 månader.

- NPE skal i 2021 ikkje ha saker som har vore under ansvarsvurdering lenger enn to år. Vidare skal under fem prosent av dei løpande utrekningssakene ha vore under utrekning over to år.

Resultat:

Ved avslutninga av året hadde vi seks saker som hadde vore under ansvarsvurdering lenger enn to år.

Når det gjeld saker som har vore under utrekning over to år, hadde vi ved årsskiftet 50 slike saker. Det utgjør 5,4 % av alle løpande utrekningar og er eit resultat utanfor målsetjinga.

Vi kom altså ikkje heilt i mål med desse målsetjingane. Sakene var likevel nøye vurderte med omsyn til om vi – utan å gå på akkord med tilstrekkeleg kvalitet – kunne avslutte dei innan nyttår. Konklusjonen var nei. Det er krevjande å treffe presist på målsetjingar som dette fordi vi òg må ta omsyn til om den enkelte

saka faktisk er moden for avgjerd. Under denne føresetnaden er vi komfortable med måloppnåinga.

3. Andre prioriteringar

- NPE skal halde fram arbeidet med å utnytte erfaringsmaterialet etaten har i kvalitetsutvikling og skadeførebyggjande arbeid.

Resultat:

Vi har hatt kontaktar med regionale helseføretak og forskingsmiljø om bruk av erfaringsmaterialet NPE sit på. Det er publisert artiklar i fagtidsskrift basert på gjennomgang av NPE-materiale. Det har òg vore kontakt frå avdeling for kvalitetsforbetring og pasienttryggleik i Helsedirektoratet om samarbeid om bruk av materialet. Denne kontakten vil halde fram utover i 2022.

- NPE skal følgje opp rapporten frå Riksrevisjonen om saksbehandlingstida innanfor saksbehandlingsområdet, jf. Dok 1 for 2019.

Resultat:

I tida frå Riksrevisjonen leverte rapporten sin hausten 2019 og til utgangen av 2021 har saksbehandlingstidene i NPE blitt monaleg reduserte:

	September 2019	Desember 2021	Reduksjon i tal dagar	Prosentvis reduksjon
Frå søknad til avslagsvedtak	250 dagar	198 dagar	52 dagar	21 prosent
Frå søknad til vedtak om rett til erstatning og storleiken på erstatninga	667 dagar	453 dagar	214 dagar	32 prosent

Arbeidet med å følgje opp påpeikinga frå Riksrevisjonen av at pasientskadeordninga i større grad bør balansere ressursbruken i den enkelte saka opp mot omfanget av saka, held fram. Vi har utvikla og held fram med å utvikle, fleire eksempel på normvedtak, dvs. vedtak vi kan fatte utan å innhente medisinskfagleg sakkunnig uttale.

Av andre prioriterte oppgåver jobbar vi med å finne gode rutinar for å kunne forenkle saksbehandlinga, særleg i saker med mindre erstatningssummar.

Samarbeidsprosjektet med Helseklage - «Møtest på halvvegen» - har som oppdrag å vurdere moglegheiter for å forenkle saksbehandlinga innanfor pasientskadeområdet som heilskap.

Elles har vi eit stadig fokus på større og mindre tiltak for å effektivisere saksbehandlinga vår, mellom anna ved å styrkje kompetansen til saksbehandlarane slik at dei er avgjerdsdyktige.

-
- NPE skal arbeide for å utvikle rutinar og arbeidsformer for å nå måla for inkluderingsdugnaden til regjeringa. Etaten skal i årsrapporten gjere greie for korleis rekrutteringsarbeidet har vore innretta for å nå målet om 5 prosent, vurdere eige arbeid opp mot måla og omtale utmaningar og vellukka tiltak. NPE skal rapportere i tråd med gjeldande retningslinjer på dette området.

Resultat:

I 2021 heldt arbeidet med inkluderingsdugnaden fram. Der har vi jobba mot målet om at 5 prosent av våre nytilsette skal vere i gruppa med nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en.

Vi har prioritert å ta vare på inkluderingsperspektivet i rekrutteringsprosessane våre i 2021. Vi har mellom anna jobba med stillingsutlysingane våre, og vurdert korleis vi brukar teksten om mangfald og korleis vi framstår for kandidatane. Vi har variert plasseringa av teksten om mangfald og innhaldet i han, for å sjå om det gir effektar med tanke på talet søkjarar i målgruppene. Så langt har vi ikkje sett nokon stor endring, så dette vil vi jobbe vidare med. Vi ynskjer å utforme stillingsutlysingar som inkluderer og som viser at vi tek mangfald og inkludering på alvor.

Vi har tilsett 17 personar i 2021 i faste og mellombelse stillingar, fordelte på 13 stillingsutlysingar.

Av søkjarar med hol i CV-en, har 28 kandidatar huka av for dette i søkjeprosessen. Det er ikkje alle desse som vi har vurdert å tilfredsstille kriteria for hol i CV etter retningslinjene. Dette skuldast ofte at søkjarane er i jobb eller studiar. Berre tre av kandidatane har blitt vurderte som kvalifiserte for stillinga og blitt innkalla til intervju. Ingen av desse blei tilsett.

Av søkjarar med nedsett funksjonsevne har 11 kandidatar huka av for dette. Ingen har blitt vurderte som kvalifiserte til stillinga og difor ikkje blitt kalla inn til intervju.

I mars 2021 tilsette vi ein trainee som saksbehandlar.

Samarbeidet med NAV blei etablert i 2020. Vi har kontakta dei ved nokre høve og formidla utlyste stillingar, men ser at vi kan ha meir å hente her. Dette vil vi følgje opp i 2022 ved å kalle inn til samarbeidsmøte med kontaktpersonen vår for å kartleggje kva vi kan gjere vidare.

For å nå måla som er sette, og for å kunne bli ei meir inkluderande verksemd, meiner vi det er viktig å jobbe med kompetansen og medvitet på dette området. I samband med det har vi tilrådd alle leiarar å gjennomføre kurset DFØ har i mangfaldsrekruttering. Dette arbeidet vil vi følgje opp vidare i 2022.

- NPE skal følgje opp den styrkte aktivitets- og utgreiingsplikta som følgjer av dei nye reglane i likestillings- og diskrimineringslova som tredde i kraft 1. januar 2020.

Resultat:

Arbeidet pågår, og vi er i dialog med tillitsvalde i verksemda.

I den løpande dialogen mellom dei lokale partane, har det ikkje kome fram synspunkt frå dei tillitsvalde om at dei opplever at medlemmane har opplevd seg forskjellsbehandla med bakgrunn i kjønn, alder, funksjonsnedsetjing osv.

Med utgangspunkt i lønnsdata per 31.12.2021 har vi gjennomført ei overordna lønnskartlegging. Jamt over viser tala at det er liten lønnsforskjell innan dei ulike stillingskodane. Unnataket er for seniorrådgjevarkoden, der det er noko forskjell. Kartlegginga er lagd fram for dei tillitsvalde som tema i eige møte. Her diskuterte vi ulike forklaringar på lønnsforskjellane som kjem fram i kartlegginga. Vi er einige om at forskjellane m.a. skuldast at IT-seksjonen vår (der alle for tida er mannlege seniorrådgjevarar med relativt høgt lønnsnivå ut frå marknadssituasjonen) gir relativt stort utslag i eit avgrensa tal medarbeidarar i denne stillingskoden. Dette meiner vi har ein større forklaringseffekt enn kjønn i seg sjølv.

Det er semje om at ufrivillig deltid ikkje er eit problem i NPE.

Arbeidsgjevar og tillitsvalde er einige om at det er grunn til å ha dette som tema i samarbeidsmøta utover i 2022. Her vil det vere nyttig å gå noko djupare i statistikkgrunnlaget. Eit anna element her vil vere å vurdere om medarbeidarar som har (langvarig) omsorgspermisjon, tapar på dette i eit meir langsiktig perspektiv.

Kjønnsfordeling:

Tal per 31.12.2021	Kvinner (prosent)	Menn (prosent)
Fordeling i den totale arbeidsstokken	73	27
Kjønnsfordeling mellom alle leiarane	76	24
Fordeling av lønn utbetalt i 2020	70	30

Del mellombels tilsette: éi kvinne av 165 tilsette (dvs. 0,6 %)

Del i foreldrepermisjon (heile året): ti av 165 tilsette (dvs. 6,1 %), ni kvinner og éin mann.

Erfaringsmessig er det stor overvekt av kvinner som søker stilling i NPE, ikkje minst innanfor hovudkategorien av tilsette (saksbehandlarar av pasientskadesaker). Dette trass i at vi oppmodar alle kvalifiserte kandidatar til å søkje, uavhengig av kjønn. Vi legg sjølvstilt overordna til grunn at kandidatane oppfyller kvalifikasjonsprinsippet ved tilsetjingar i det offentlege.

Vi har for tida åtte medarbeidarar som er tilsette i deltidstilling, alle etter eige ynskje. Er det ledig stilling i stillingskategoriar der vi har tilsette på deltid, tilbyr vi desse auke til full stilling før stillinga blir lyst ut.

- Auke tal lærlingar i offentlege verksemder. Det er eit krav til statlege verksemder å knyte til seg minst éin lærling, og det skal vurderast kvart år om verksemda kan auke tal lærlingar og tilby opplæring i nye lærefag. NPE skal vurdere om det er mogleg å ta inn/auke talet lærlingar i verksemda, og talet på lærlingar skal rapporterast i årsrapporten til verksemda.

Resultat:

Ressursen i verksemda vår som jobba med oppfølging av føringa om lærlingar slutta hjå oss sommaren 2021. Det har vore ein krevjande prosess å finne ein erstattar, og difor har vi ikkje kome så langt i prosessen som planlagt.

- NPE skal etter til pkt. 2.4 i Bestemmelser om økonomistyring i staten etablere dokumentert internkontroll tilpassa risiko og vesentlegheit.

Resultat: Sjå punkt IV. Styring og kontroll.

Nøkkeltal


NPE totalt	2020	2021
Mottekne erstatningskrav	5 695	6 553
Medhald	1 441	1 686
Avslag	3 425	3 451
Medhaldsdel	30 %	33 %
Erstatningsutbetalinger frå NPE totalt (mill. kroner)	1 132	1 032

Offentleg helseteneste	2020	2021
Mottekne erstatningskrav	4 823	5 630
Medhald	1 168	1 416
Avslag	2 993	3 020
Medhaldsdel	28 %	32 %
Erstatningsutbetalinger (mill. kroner)	1 066	975


Privat helseteneste	2020	2021
Mottekne erstatningskrav	789	844
Medhald	272	269
Avslag	390	400
Medhaldsdel	41 %	40 %
Erstatningsutbetalinger (mill. kroner)	66	57

Legemiddelsaker	2020	2021
Mottekne erstatningskrav	83	79
Medhald	1	1
Avslag	42	31
Medhaldsdel	2 %	3 %
Erstatningsutbetalinger frå legemiddelselskap (mill. kroner)	-	8


Mottekne erstatningskrav




Tal vedtak



Erstatningsutbetalinger (mill. kroner)



Saksbehandlingstid (dager)



Produktivitet

	2020	2021
Produuerte saker	8064	8739
Årsverk	146,3	146,2
Produktivitet	55,1	59,8

Vi reknar ut produktiviteten som tal produserte pasientskadesaker per årsverk.

Produuerte saker er summen av medhald, avslag, saker der det blir rekna ut erstatning, avviste og bortlagde saker.

Årsverk tilsvarar faktiske årsverk i NPE i perioden 01.01.2021 til 31.12.2021. Årsverk som er knytte til NPE si forvalting og utvikling av IT-system i Nasjonalt klageorgan for helsetjenesten er trekte ut.

Produktiviteten vår gjekk opp i 2021 samanlikna med 2020. Tal årsverk ligg på same nivå, så auken i produktivitet skuldast auke i talet produserte saker.

Organisasjonen og menneska

Talet tilsette og årsverk

Talet tilsette ved utgangen av 2021: 165

Utførte årsverk i 2021: 150,3

(Inkludert 4,1 årsverk til IT-tenester som vi utfører for Nasjonalt klageorgan for helsetjenesten)

Utsifting

Del tilsette som sa opp stillinga sin i NPE i 2021 var på 8,5 prosent. Dette er en auke frå 2020, og skuldast naturlege variasjonar.


Tilsvarende tal for førre år:

- 2020: 4,9 prosent
- 2019: 8,1 prosent
- 2018: 6,6 prosent

Sjukefråvær

Totalt var fråværet i 2021 på 4,4 prosent, ein marginal auke på 0,2 prosentpoeng samanlikna med 2020.

Sjukefråværsutviklinga



Berekraftsmåla

NPE har sett i verk fleire tiltak for å oppfylle berekraftsmåla til FN gjennom 2021, og held fram med å jobbe med måla gjennom 2022.



FNs BÆREKRAFTSMÅL



IV. Styring og kontroll i verksemda

Instruks for verksemda

Helse- og omsorgsdepartementet har fastsett tre instruksar for NPE: «Instruks for Norsk pasientskadeerstatning», «Instruks for fond for pasientskadeordningen – offentlig helsetjeneste» og «Instruks for fond for pasientskadeordningen – privat helsetjeneste».

«Instruks for fond for pasientskadeordningen – offentlig helsetjeneste» er oppdatert i samband med at ordninga med innkrevjing av eigendelar frå helseføretak i offentlig helsetjeneste er avvikla med verknad frå 1. januar 2022.

Lønns- og rekneskapstenester

NPE brukar Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) som leverandør av lønns- og rekneskapstenester etter ein fullservicemodell. Vi brukar løysingane til DFØ for lønn, rekneskap og fakturahandtering. Vi har avtale med Statens innkrevingsentral om oppfølging av tilskotspliktige verksemdar i privat helsetjeneste.

Styring og kontroll

NPE utarbeider årleg verksemdsplan for verksemda. Han følgjer strukturen i strategien vår og inneheld mål frå tildelingsbrevet og andre sentrale oppgåver. Leiinga har regelmessige gjennomgangar av resultat og status på tiltaka i verksemdsplanen. Leiinga har òg regelmessige gjennomgangar av budsjett og rekneskap. Gjennomgangane av status på verksemdsplan og økonomi følgjer eit fast årshjul, som òg inkluderer rapporteringar til Helse- og omsorgsdepartementet, risikovurderingar osv.



Vi rapporterer på prioriteringar, resultatmål, nøkkeltal og budsjett til Helse- og omsorgsdepartementet etter fastlagde rutinar. Direktøren delegerer budsjettmiddel internt i verksemda gjennom disponeringsskriv til budsjettansvarlege leiarar. Vi utarbeider oversikt over attestasjons- og budsjett disponeringsmynde og stiller krav om dobbel godkjenning for alle transaksjonar.

NPE har etablert eit system for risikovurdering og -oppfølging. Vi følgjer der spesielt opp dei viktigaste måla i strategien og verksemdsplanen vår i tillegg til økonomiforvaltninga.

Vi har rutinar for varsling etter arbeidsmiljølova.

Informasjonstryggleik og personvern

NPE handterer ei stor mengd sensitive personopplysingar. Vi er opptekne av å handtere opplysingane på ein trygg og forsvarleg måte. Informasjonstryggleik og personvern har høg prioritet hjå oss.

Vi har rutinar for oppfølging av krav i personvernlovgjevinga/General Data Protection Regulation (GDPR), og ein eigen funksjon som personvernombod.

I 2021 har vi etablert eit system for informasjonstryggleik og personvern (ISMS) i fyrste versjon. Vi har utarbeidd styringsdokument og rutinar, og har gjennomført risiko- og

sårbarheitsanalysar (ROS) og vurdering av personvernkonsekvensar (DPIA) på aktuelle område.

Vi har rutinar for varslng og oppfølging av avvik innan informasjonstryggleik og personvern.

Vi har eit godt samarbeid med Norsk helsenett SF (NHN) knytt til IT-tryggleik og har stor nytte av kompetansen og rolla NHN har på området.

Helse, miljø og tryggleik (HMS)

NPE har eit internkontrollssystem for å følgje opp HMS-lovgjevinga. Vi har arbeidsmiljøutval, verneombod og er knytte til bedriftshelseteneste. Vi har rutinar for å ta vare på tryggleiken for dei tilsette i dialogen med brukarane våre.

Òg i 2021 har aktivitetane på dette området vore prega av situasjonen med heimekontor på grunn av pandemien.

Aktuelle HMS-rutinar, for brannvern osb., blir gjennomgått og oppdaterte i samband med innflytting i nye lokale i 2022.



Norsk helsenett SF bistår og gjennomfører anskaffingar for NPE. NHN forhold seg til krava som blir stilte til offentlege mynde om å motverke arbeidslivskriminalitet og sikre at leverandørar følgjer lover og reglar.

Miljøleing

NPE er ei kontorverksemd som ikkje påverkar det ytre miljøet i særleg grad.

Vi ynskjer å vere ei miljømedviten verksemd, og følgjer opp arbeidet med miljøleing gjennom årlege gjennomgangar av status og prioriteringar i leinga.

Òg i 2021 har vi sete på heimekontor store delar av året utan reiseaktivitet osb. Arbeidet med å førebu nye lokale har hatt høgt miljøfokus.

V. Vurdering av framtidutsikter

Vi vurderer at vi har god evne til å nå måla våre og levere gode resultat framover. Samtidig vil nokre område kunne påverke resultatata:

Sakstilgang

Om talet på saker som vi tek imot aukar mykje, vil det kunne ha noko å seie for kor mange saker vi kan behandle og den samla saksbehandlingstida.

NPE som ein attraktiv arbeidsplass

Om vi ikkje klarar å vere ein attraktiv arbeidsplass, der vi tiltrekkjer oss, tar vare på og utviklar medarbeidarar og kompetanse, kan vi få utmaningar med å nå måla våre. Difor er vi opptekne av å oppretthalde eit godt arbeidsmiljø og å utvikle kompetansen hjå medarbeidarar og leiarar.

Budsjett

Om budsjettsituasjonen blir mindre føreseieleg og krevjande enn han har vore, vil det kunne påverke drifta og utviklinga av organisasjonen og tenestene til brukarane våre. Vi er opptekne av effektiv utnytting av ressursane våre, og er førebudde på å gjere nødvendige og krevjande prioriteringar om budsjettsituasjonen krev det.

Tilstrekkeleg tilgang på sakkunnige

For å halde tempoet i saksbehandlinga oppe, er det viktig å ha god tilgang på sakkunnige innanfor alle medisinske spesialitetar. Blir tilgangen på relevante sakkunnige dårlegare, vil dette påverke produksjonen og saksbehandlingstida vår. Sakkunnigtenester utgjør ein monaleg del av budsjettet vårt, og vi er opptekne av at ressursane blir utnytta på ein god og effektiv måte.

Evna vår til å utvikle organisasjonen vidare

Vi opplever klare forventingar til effektivisering og utvikling av tenestene våre, mellom anna gjennom digitalisering. Om vi ikkje klarar å utvikle organisasjonen og tenestene, vil det påverke resultatata og omdømmet vårt. Vi opplever at det er krevjande å få rom i budsjetta til større satsingar innan digitalisering, men samarbeidet med Helseklage om fellesløyser gir oss nyttige stordriftsfordelar.

Vi flytter inn i nye lokale med moderne arbeidsplassløyser i 2022. Dette gir oss heilt nye moglegheiter for samhandling og utvikling av organisasjonen vidare.

Vi kan ikkje sjå andre større område som vil kunne hindre eller avgrense evna vi har til å løyse samfunnsoppdraget vårt på ein tilfredsstillande måte.

Når det gjeld korleis vi vil møte utmaningane framover, viser vi elles til informasjon om strategien vår for 2019 – 2023.

VI-A. Årsrekneskap 2021

Norsk pasientskadeerstatning

1. Kommenterar frå leiinga

Føremål

Helse- og omsorgsdepartementet har fastsett instruks for Norsk pasientskadeerstatning – oppdatert per 15.05.2019.

Norsk pasientskadeerstatning (NPE) er ein statleg etat underlagd Helse- og omsorgsdepartementet. NPE behandlar erstatningskrav frå pasientar i offentleg og privat helseteneste som meiner dei har fått ein skade etter behandlingssvikt i helsetenesta.

Rekneskapen for drifta i verksemda blir ført etter kontantprinsippet, slik det går fram av prinsippnoten til årsrekneskapen. Drifta er samansett av tre utgiftspostar og to inntektspostar, som alle blir løyvde over statsbudsjettet. NPE tek imot tildelingsbrev frå Helse- og omsorgsdepartementet med budsjetttrammene for drifta.

NPE forvaltar desse to fonda:

Fond for pasientskadeordninga - offentleg helseteneste - skal finansiere utbetalingar av erstatningar til pasientskadar oppstått i offentleg helseteneste. Fondet skal ikkje dekkje driftsutgifter i Norsk pasientskadeerstatning, driftsutgifter i Nasjonalt klageorgan for helsetjenesten (Helseklage), eller utgifter pasientar har til advokatar. Driftsutgifter og utgifter til bruken pasientar har til advokatar blir førte høvesvis på post 01 og post 70.

Fondet er sett saman av tilskot frå regionale helseføretak, fylkeskommunar og kommunar. Kvart år blir det innbetalt tilskot til fondet basert på prognosar. Tilskota blir avrekna mot faktiske tal ved fyrste fakturering påfølgjande år.

Fond for pasientskadeordninga - privat helseteneste - skal finansiere driftskostnader til å behandle saker om erstatning, og utbetaling av erstatningar for pasientskadar oppstått i privat helseteneste. Driftskostnadene omfattar både saksbehandlingskostnader og administrasjonskostnader, som nødvendige utgifter til IKT-system, register over private aktørar og andre kostnader som er nødvendige for å kunne forvalte ordninga for privat helseteneste.

Dekning av driftskostnadene i fondet omfattar saksbehandling både i NPE og Helseklage. Driftskostnadene for NPE blir inntektsførte i NPE på post 50.

Inntektene til fondet er samansett av tilskot betalt av private aktørar etter pasientskadelova

§ 8.

Stadfesting

Årsrekneskapen er avlagd i høve til Reglementet for økonomistyring i staten og Bestemmelser om økonomistyring i staten, jf. punkt 3.4. Vi meiner at rekneskapen gir eit dekkjande bilde av dei disponible løyvingane til NPE, rekneskapsførte utgifter, inntekter, egedelar og gjeld.

Vurdering av vesentlege forhold

Økonomistyringa vår blei òg i 2021 prega av pandemien. Det var krevjande å planleggje aktivitetsnivået under skiftande fasar med nedstenging og delvis opning. På nokre område hadde vi mindreforbruk fordi aktivitetar måtte utsetjast eller avlysast. Samtidig bidrog det høge talet behandla saker til høge utgifter til sakkunnigtenester. Samla sett fekk vi eit meirforbruk på 2,6 mill. kroner. For budsjettåret 2021 fekk NPE fullmakt til å overskride driftsløyvinga med inntil 11 mill. kroner til investeringsføremål mot ei tilsvarende innsparing i seinare budsjettår. Fullmakta blei knytt til IT og nye lokale, og har blitt brukt fullt ut.

I 2021 utbetalte vi 1,0 mrd. kroner i erstatningar mot 1,1 mrd. kroner i 2020.

Samla tildeling

NPE har i 2021 ei samla tildeling på 241,5 mill. kroner til ordinær drift. Samanlikna med 2020, er det ein auke på 16,3 mill. kroner. Samla tildeling er samansett av årets tildeling (jf. tildelingsbrev), kompensasjon for lønnsoppgjeret på 3,1 mill. kroner, overføring frå 2020 på 5,6 mill. kroner og fullmakta på 11 mill. kroner til investeringar.

Driftsutgifter post 01

Rekneskapen for 2021 viser eit meirforbruk på 24,9 mill. kroner. Meirforbruket blir dekt av merinntekter på 22,3 mill. kroner. Netto meirforbruk er på 2,6 mill. kroner.

Samla tildeling

Utgiftskapittel	0741.01	0741.70	0741.71	Sum utgifter
Overført frå i fjor	5 620 000			5 620 000
Årets tildeling	221 733 000	48 798 000	21 294 000	291 825 000
Fullmakt	11 000 000			11 000 000
RNB/omgruppering		-8 000 000		-8 000 000
Lønnsoppgjer	3 117 000			3 117 000
Samla tildeling kap. 741	241 470 000	40 798 000	21 294 000	303 562 000
Rekneskap	266 362 910	37 467 387	20 451 087	324 281 384
Avvik tildeling og rekneskap	-24 892 910	3 330 613	842 913	-20 719 384

Nærare om enkelte store utgiftspostar på post 01


Totale utgifter til lønn var i 2021 134,8 mill. kroner, inkludert 12,2 mill. kroner i pensjonspremie til Statens pensjonskasse (SPK) og arbeidsgjevaravgift på 16,3 mill. kroner.

Utgiftene til medisinsk sakkunnige var i 2021 44 mill. kroner, inkludert 2 mill. kroner til honorar utbetalt som lønn. NPE nyttar i størst mogleg grad medisinsk sakkunnige som er tilknytte gjennom avtalar, fordi dette er meir kostnadseffektivt enn enkeltstående sakkunnigoppdrag.

NPE brukte 40,5 mill. kroner på varer og tenester hos Norsk helsenett (NHN) i 2021, jf. konsernmodellen for administrative tenester for etatar under Helse- og omsorgsdepartementet. Det er ein auke med 16,4 mill. kroner frå året før. Auken reflekterer pris- og aktivitetsnivået i 2021, i tillegg til betaling for nye tenester då NHN tok over dei resterande oppgåvene til NPE innan arkiv/dokumentforvaltning 1. november 2020. Endringa reflekterer òg kostnader til flytting av NPE sitt datarom til NHN som eit ledd i konsernmodellen.

Kostnadsfordeling post 01

■ Lønn ■ Sakkyndige ■ Tjenester fra NHN ■ Lokaler (inkl. flytting) ■ IT ■ Øvrige kostnader



IT inkluderer ikkje betaling for IT-tenester til NHN, men betaling frå Helseklage for IT-tenester frå NPE er inkludert. Tenester frå NHN er samansette av IT-drift og brukarstøtte, arkiv og anskaffingar i konsernmodellen for administrative tenester.

Post 70 Advokatutgifter

Posten dekkjer utgifter erstatningssøkjaren har til advokathjelp etter pasientskadelova § 11. Totale utgifter i 2021 blei 37,5 mill. kroner. Etter omgrupperinga på 8 mill. kroner, gir det ei mindreutgift på 3,3 mill. kroner.

Post 71 Særskilte tilskot

Posten dekkjer utgifter til erstatningar og honorar i skadesaker der staten har eit særskilt ansvar. Det er betalt ut erstatning i samband med Pandemrix-vaksinen med 19,0 mill. kroner, og betalt ut 1,2 mill. kroner i koronavaksinesaker. Samla forbruk blei 20,5 mill. kroner. Det gir et mindreforbruk på 0,8 mill. kroner.

Inntektskapittel 3741

Samla tildeling

Inntektskapittel	3741.02	3741.50	Sum inntekter
Årets tildeling	6 954 000	17 606 000	24 560 000
Samla inntektskrav	6 954 000	17 606 000	24 560 000

Rekneskap	11 283 673	35 603 442	46 887 115
Avvik tildeling og rekneskap	-4 329 673	-17 997 442	- 22 327 115
Meirforbruk post 01, 02 og 50	2 565 795		

Meirinntektene må sjåast i samanheng med kap. 074, post 01. NPE har meirinntektsfullmakt til å dekkje opp meirutgifter på post 01.

NPE har samla sett eit netto meirforbruk på 2,6 mill. kroner som inkluderer fullmakta til å overskride løyvinga til investeringar.

Post 02 Diverse inntekter

NPE behandlar krav om erstatning som følgje av legemiddelskade på vegner av Norsk Legemiddelforsikring AS. Inntektene frå legemiddelsaker var i 2021 på 1,9 mill. kroner som er 0,5 mill. kroner mindre enn i 2020.

NPE leverer IT-tenester til Helseklage, som betalte 9,3 mill. kroner for desse tenestene i 2021. Denne summen er 4 mill. kroner meir enn i 2020. Totale meirinntekter på post 02 var i 2021 4,3 mill. kroner.

Post 50 Premie frå private

På posten fører vi inntekter som betaling for at NPE forvaltar pasientskadeordninga for privat helseteneste. Midla blir overførte frå fond for pasientskadeordninga - privat helseteneste, og blir inntektsførte på post 50. Aktørane i privat helseteneste skal fullt ut dekkje utgiftene knytte til pasientskadesaker frå dette området. Meirinntekta er på 18 mill. kroner.

For NPE viser driftsinntektene ein auke på 6,3 mill. kroner samanlikna med 2020.

Revisjonsordning

Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfestar årsrekneskapen for Norsk pasientskadeerstatning. Vurdering av rekneskapen vil framgå av revisjonsrapporten som NPE tek imot våren 2022. Årets revisjon er per i dag ikkje fullført.

15.03.2022



Rolf Gunnar Jørstad
direktør

2. Prinsippnote til årsrekneskapen for drifta i NPE

Prinsippa for utarbeiding av årsrekneskapen

Årsrekneskap for drifta i NPE er utarbeidd og avlagd etter nærare retningslinjer fastsette i «Bestemmelser om økonomistyring i staten» ("bestemmelsene"). Årsrekneskapen er i høve til krav i bestemmelsene punkt 3.4.1 og nærare føresegner i rundskriv frå Finansdepartementet R-115 av september 2019, punkt 8, tilpassingar og nærare krav for statlege fond.

Oppstilling av rapporteringa

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i bestemmelsene punkt 3.4.2 – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- a) Rekneskapen følgjer kalenderåret.
- b) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- c) Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med bruttosum
- d) Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.

Oppstillingane av løyvings- og artskontorrapportering er utarbeidd etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarar med krav i bestemmelsene punkt 3.5 til korleis verksemda skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løyvingsrekneskapen» er lik i både oppstillingane.

Verksemda er tilknytt konsernkontoordninga staten har i Noregs Bank i høve til krav i bestemmelsene pkt. 3.7.1. Bruttobudsjetterte verksemdar blir ikkje tilførte likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin. Saldoen blir nullstilt på den enkelte oppgjerskontoen ved overgang til nytt år.

Løyvingsrapporteringa

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingsrapporteringa og ein nedre del som viser behaldningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Løyvingsrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen. Det blir stilt opp etter dei kapitla og postane i løyvingsrekneskapen verksemda har fullmakt til å disponere. Kolonna «samla tildeling» viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle egedelar og plikter verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen til staten.

Artskontorapporteringa
Oppstilling av artskontorapporteringa 31.12.2021

Driftsinntekter rapportert til løyvingsrekneskapen	Note	2021	2020
Innbetalinger frå gebyr	1	0	0
Innbetalinger frå tilskot og overføringar	1	35 603 442	29 303 174
Sals- og leigeinnbetalningar	1	11 283 673	7 750 001
Andre innbetalningar	1	0	0
Sum innbetalningar frå drift		46 887 115	37 053 175
Driftsutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
		2021	2020
Utbetalningar til lønn	2	134 816 396	129 286 619
Andre utbetalningar til drift	3	131 546 016	102 976 121
Sum utbetalningar til drift		266 362 412	232 262 740
Netto rapporterte driftsutgifter		219 475 296	195 209 565
Investerings- og finansinntekter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
		2021	2020
Innbetaling av finansinntekter	4	0	0
Sum investerings- og finansinntekter		0	0
Investerings- og finansutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
		2021	2020
Utbetaling til investeringar	5	0	110 520
Utbetaling til kjøp av aksjar	5	0	0
Utbetaling av finansutgifter	4	499	1 075
Sum investerings- og finansutgifter		499	111 595
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		499	111 595
Innkrevingsverksemd og andre overføringar til staten			
		2021	2020
Innbetaling av skattar, avgifter, gebyr m.m.	6	0	0
Sum innkrevingsverksemd og andre overføringar til staten		0	0
Tilskotsforvalting og andre overføringar frå staten			
		2021	2020
Utbetalningar av tilskot og stønader	7	57 918 474	55 809 768
Sum tilskotsforvalting og andre overføringar frå staten		57 918 474	55 809 768

Inntekter og utgifter rapportert på felleskapittel *	2021	2020
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)	241 864	248 861
Arbeidsgjevaravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)	16 297 958	15 777 513
Nettoføringsordning for merverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)	16 722 371	10 486 479
Netto rapporterte utgifter på felleskapittel	182 549	-5 539 895
Netto rapportert til løyvingsrekneskapen	277 576 818	245 591 034

Oversikt over mellomverande med statskassen **	2021	2020
Fordringar på tilsette	70 000	-5 765
Kontantar	0	0
Bankkontoar med statlege middel utanfor Noregs Bank	0	0
Skuldige skattetrekk og andre trekk	-4 758 794	-4 785 093
Skuldige offentlege avgifter	-5 668	-7 615
Avsett pensjonspremie til Statens pensjonskasse	0	0
Mottekne forskotsbetalingar	0	0
Lønn (negativ netto, for mykje utbetalt lønn m.m.)	28 046	0
Differansar på bank og uidentifiserte innbetalingar	-82 385	0
Sum mellomverande med statskassen	8 -4 748 801	-4 798 473

Oppstillinga av artskontorapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del som viser egedelar og gjeld som inngår i mellomverande med statskassen.

Artskontorapporteringa viser rekneskapstal verksemda har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Verksemda har ein trekkrett på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje inntektsførte og er difor ikkje vist som inntekt i oppstillinga.

Oppstilling av løyingsrapportering 31.12.2021

Utgiftskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling*	Rekneskap 2021	Meirutgift (-) og mindreutgift
0741	Norsk pasientskadeerstatning	01	Driftsutgifter	A, B	241 470 000	266 362 910	-24 892 910
0741	Norsk pasientskadeerstatning	70	Advokatutgifter	A, B	40 798 000	37 467 387	3 330 613
0741	Norsk pasientskadeerstatning	71	Særskilte tilskot	A, B	21 294 000	20 451 087	842 913
1633	Nettoføringsordning, statleg betalt meirverdiavgift	01	Nettoordning for mva. i staten	Artskontorapp.	0	16 722 371	
Sum utgiftsført					303 562 000	341 003 755	
Inntektskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst		Samla tildeling*	Rekneskap 2021	Meirinntekt og mindreinntekt (-)
3741	Norsk pasientskadeerstatning	02	Diverse inntekter	B	6 954 000	11 283 673	4 329 673
3741	Norsk pasientskadeerstatning	50	Premie frå private	B	17 606 000	35 603 442	17 997 442
5309	Tilfeldige inntekter	29	Tilfeldige inntekter	Artskontorapp.	0	241 864	
5700	Folketrygda	72	Folketrygda	Artskontorapp.	0	16 297 958	
Sum inntektsført					24 560 000	63 426 937	
Netto rapportert til løyingsrekneskapen						277 576 818	
Kapitalkontoar							
60080001	Noregs Bank KK /innbetalingar					52 058 588	
60080002	Noregs Bank KK/utbetalingar					-329 685 078	
707010	Endring i mellomverande med statskassen					49 672	
Sum rapportert						0	
Behaldningar rapporterte til kapitalrekneskapen (31.12)					31.12.2021	31.12.2020	Endring
707010	Mellomverande med statskassen				-4 748 801	-4 798 473	49 672

Note A Forklaring av samla tildeling utgifter

Kapittel og post	Overført frå i fjor	Årets løyving 01.01.2021	Lønnsoppgjer 28.09.2021	Fullmakt	Budsjett pr. 2021.11.26 Prp: p20/21-22	Årets tildeling	Samla tildeling
074101	5 620 000	221 733 000	3 117 000	11 000 000		235 850 000	241 470 000
074170	0	48 798 000			-8 000 000	40 798 000	40 798 000
074171	0	21 294 000				21 294 000	21 294 000

Note B Forklaring til brukte fullmakter og utrekning av mogleg overførbar sum til neste år

Kapittel og post	Meirutgift (-)/ mindre utgift	Utgiftsført av andre iht. avgitte belastingsfullmakter (-)	Meirutgift (-)/ mindre utgift etter avgitte belastingsfullmakter	Meirinntekter / mindreinntekter (-) iht. meirinntektsfullmakt	Sum grunnlag for overføring	Maks. overførbarsum *	Mogleg overførbar sum utrekna av verksemda
074101/374102/374150	-24 892 910	0	-24 892 910	22 327 115	-2 565 795	0	0
074170	3 330 613	0	3 330 613		3 330 613	0	0
074171	842 913	0	842 913		842 913	0	0

Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

NPE har fullmakt til å bruke meirinntekter utover tildelt løyving på kap. 3741 post 02 og 50 til å dekkje meirutgifter under kap. 741 post 01. For 2021 utgjer samla meirinntekter 22,3 mill. kroner. Dette blir brukt til å dekkje meirutgifter under kap. 741 post 01.

Innbetalingar frå tilskot og overføringar er i hovudsak samansett av belastning av driftsutgifter frå fond for pasientskadeordninga - privat helseteneste. Driftsutgifter frå fond for pasientskadeordninga - privat helseteneste auka med 6,3 mill. i 2021 samanlikna med 2020. Denne auken skuldast auka driftsutgifter på 34 mill. kroner på kap. 0741 post 01 til fordeling mot 2020.

Nivået på inntekter frå legemiddelsaker heldt seg om lag på same nivå som i fjor.

Inntekter frå Helseklage auka noko og reflekterer aktivitetsnivået på IT-området.

Note 1 Innbetalingar frå drift

Innbetalingar frå drift	31.12.2021	31.12.2020
Innbetalingar frå gebyr	0	0
Sum innbetalingar frå gebyr	0	0
Andre tilskot og overføringar (3741.50)	35 603 442	29 303 174
Sum innbetalingar frå tilskot og overføringar	35 603 442	29 303 174
Inntekt legemiddelsaker	1 946 400	2 423 100
Salsinntekt varer, unnateke avgiftsplikt	0	10 000
Innbetaling frå Helseklage, IKT- utgifter	9 337 273	5 316 901
Sum sals- og leigeinnbetalingar	11 283 673	7 750 001
Andre innbetalingar	0	0
Sum andre innbetalingar	0	0
Sum innbetalingar frå drift	46 887 115	37 053 175

Note 2 Utbetalingar til lønn

Utbetalingar til lønn	31.12.2021	31.12.2020
Lønn	103 981 880	101 699 112
Arbeidsgjevaravgift	16 297 958	15 777 513
Pensjonsutgifter*	12 160 102	11 737 252
Sjukepengar og andre refusjonar (-)	-3 204 878	-4 465 492
Andre ytingar	5 581 334	4 538 234
Sum utbetalingar til lønn	134 816 396	129 286 619
Tal utførte årsverk: **	150,3	150,1

* Nærare om pensjonsutgifter: Pensjonar blir kostnadsførte i resultatrekneskapan basert på faktisk påløpt premie for rekneskapsåret. Premiesatsen for 2021 er 14 prosent, som er den same som i 2020.

** faktisk utførte årsverk

Note 3 Andre utbetalinger til drift

Andre utbetalinger til drift	31.12.2021	31.12.2020
Husleige	16 384 148	20 544 347
Vedlikehold egne bygg og anlegg	0	0
Vedlikehold og ombygging av leigde lokale	117 856	183 002
Andre utgifter til drift av eigedom og lokale	4 536 686	1 508 104
Reparasjon og vedlikehold av maskinar, utstyr mv.	0	0
Mindre utstyranskaffingar	2 656 651	696 889
Leige av maskinar, inventar og liknande	2 619 522	3 201 740
Kjøp av konsulenttenester	27 302 502	12 285 832
Kjøp av andre framande tenester	73 798 646	61 684 467
Reiser og diett	159 947	93 685
Andre driftsutgifter	3 970 058	2 778 055
Sum andre utbetalinger til drift	131 546 016	102 976 121

Endringa på utgiftskontoane *Husleige* og *Andre utgifter til drift av eigedom og lokale* frå 2020 til 2021 skuldast ny måte å kontere utgiftene på i rekneskapen frå 2021. Frå 2021 blei lys, straum og energi kontert på utgiftskontoar som går under *Andre utgifter til drift av eigedom og lokale* og ikkje samla på konto *Husleige*.

Auken på *Mindre utstyranskaffingar* gjeld innkjøp av møbel, anna utstyr, inventar, nye datamaskinar og kontormaskinar osv. i samband med flytting til nye lokale i 2022.

Auken på *Kjøp av konsulenttenester* i 2021 samanlikna med 2020 skuldast mindre aktivitet i 2020 på grunn av pandemien. No er denne typen av utgiftene på same nivå som i 2019, før pandemien starta.

Auken på *Kjøp av andre framande tenester* skuldast i hovudsak høgare kostnader til sakkunnigtenester.

Note 4 Finansinntekter og finansutgifter

Innbetaling av finansinntekter	31.12.2021	31.12.2020
Renteinntekter	0	0
Valutagevinst	0	0
Anna finansinntekt	0	0
Sum innbetaling av finansinntekter	0	0
Utbetaling av finansutgifter	31.12.2021	31.12.2020
Renteutgifter	499	1 075
Valutatap	0	0
Anna finansutgift	0	0
Sum utbetaling av finansutgifter	499	1 075

Utbetalinga på finansutgifter gjeld renter og gebyr på for sein innbetaling på fakturaer.

Note 5 Utbetaling til investeringar og kjøp av aksjar

Utbetaling til investeringar	31.12.2021	31.12.2020
Immaterielle egedelar og liknande	0	110 520
Tomtar, bygningar og annan fast eigedom	0	0
Infrastruktureigedelar	0	0
Maskinar og transportmiddel	0	0
Driftslausøyre, inventar, verktøy og liknande	0	0
Sum utbetaling til investeringar	0	110 520
Utbetaling til kjøp av aksjar	31.12.2021	31.12.2020
Kapitalinnskot	0	0
Obligasjonar	0	0
Investeringar i aksjar og delar	0	0
Sum utbetaling til kjøp av aksjar	0	0

Note 6 Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten

Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten	31.12.2021	31.12.2020
Tilskot til ikkje-finansielle føretak (advokatutgifter)	37 467 387	38 479 159
Tilskot til hushaldningar (erstatningar vaksinesaker)	20 451 087	17 330 609
Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten	57 918 474	55 809 768

Særskilte tilskot (post 71) dekkjer erstatningar i saker der staten har særskilt ansvar, i hovudsak vaksineskadesaker. Særskilte tilskot for 2021 viser ein auke på 3,8 mill. kroner samanlikna med 2020.

Note 7 Del A Forskjellen mellom avrekning med statskassen og mellomverande med statskassen

	Spesifisering av <u>bokført</u> avrekning med statskassen	Spesifisering av <u>rapportert</u> mellomverande med statskassen	
Finansielle anleggsmiddel	31.12.2021	31.12.2021	Forskjell
Investeringar i aksjar og delar*	0	0	0
Obligasjonar	0	0	0
Sum	0	0	0
Omløpsmiddel	31.12.2021	31.12.2021	Forskjell
Kundefordringar	0	0	0
Andre fordringar	70 000	70 000	0
Bankinnskot, kontantar og liknande	0	0	0
Sum	70 000	70 000	0
Langsiktig gjeld	31.12.2021	31.12.2021	Forskjell
Anna langsiktig gjeld	0	0	0
Sum	0	0	0
Kortsiktig gjeld	31.12.2021	31.12.2021	Forskjell
Leverandørgjeld*	-5 947 296	0	-5 947 296
Skuldig skattetrekk	-4 758 794	-4 758 794	0
Skuldige offentlege avgifter	-5 668	-5 668	0
Anna kortsiktig gjeld	-2 019 670	-54 339	-1 965 331
Sum	-12 731 428	-4 818 801	-7 912 627
Total sum	-12 661 428	-4 748 801	-7 912 627

*Leverandørgjeld viser ferdigbehandla fakturaer frå 2021 med forfall 2022. Saldo er i hovudsak samansett av faktura for husleige 1. kvartal 2022 på 3,6 mill. kroner, og fakturaer frå sakkunnige.

**Anna kortsiktig gjeld er periodisering av ubehandla fakturaer med fakturadato 2021 som blei betalte i 2022.

VI-B. Årsrekneskap 2021

Fond for pasientskadeordninga – offentlig helseteneste

1. Kommenterar frå leiinga

Fondets føremål og mynde

Helse- og omsorgsdepartementet har fastsett «Instruks for fond for pasientskadeordninga – offentlig helsetjeneste» – oppdatert per 15.12.2021.

Føremålet til fondet er å finansiere utbetaling av erstatningar for pasientskadar oppstått i offentlig helseteneste. Fondet skal ikkje dekkje driftskostnader i Norsk pasientskadeerstatning (NPE), i Nasjonalt klageorgan for helsetjenesten (Helseklage), eller utgifter pasientar har til advokatar.

Føresegner som styresmaktene har fastsett: «Forskrift 31. oktober 2008 nr. 1166 om pasientskadelovens virkeområder og om tilskuddsplikt for den som yter helsehjelp utenfor den offentlige helse- og omsorgstjeneste» § 3, definerer offentlig helseteneste. Villkåra som må vere oppfylte for å få erstatning for skadar valda i offentlig helseteneste går fram av pasientskadelova. Erstatning for økonomisk tap er regulert av lov 13. juni 1969 nr. 26 om skadeserstatning og ulovfesta erstatningsrett.

Dei regionale helseføretaka, fylkeskommunane og kommunane skal sjølve dekkje utgiftene til erstatningar for skadar oppstått som følgje av behandling gitt av tenester organiserte hjå desse. Det skal ikkje vere kryssubsidiering mellom nivåa. Dei årlege tilskota blir utarbeidde basert på prognosar. Tilskota blir avrekna mot faktiske tal ved fyrste fakturering påfølgjande år. Fylkeskommunar og kommunar betalar inn tilskot ein gong per år. Dei regionale helseføretaka betalar inn tilskot til NPE i fire terminar per år.

Stadfesting

Årsrekneskapen er avlagd i høve til «Reglementet for økonomistyring i staten» og «Bestemmelser om økonomistyring i staten», jf. punkt 3.4.6. Vi meiner at årsrekneskapen gir eit dekkjande bilde av disponible middel, rekneskapsførte inn- og utbetalingar, kostnader og inntekter, egedelar og gjeld i fondet. Årsrekneskapen inneheld forenkla oppstilling av løyvingssrapporteringa og oppstilling av fondsrekneskap med notar.

Vurdering av vesentlege forhold

Fondet utbetalte til saman 975,4 mill. kroner i erstatningar i 2021. Dette er ein reduksjon på 90,3 mill. kroner samanlikna med 2020.

Totale overføringar til fondet auka med 114,5 mill. kroner samanlikna med 2020. Det skuldast i hovudsak at kommunane innbetalte 123,4 mill. kroner meir i 2021.

Auka overføringar var i hovudsak eit resultat av avrekninga, som i 2021 var 100,6 mill. kroner høgare enn i 2020.

Det har mellom anna ført til at saldoen i Noregs Bank har gått opp med nesten 123 mill. kroner samanlikna med 2020. Erstatningsutbetalingane i 2021 er lågare enn i 2020.

Tabell 1 - Samanheng mellom prognose, avrekning og rekneskap

Prognose og avrekning	Rapporteringsår	Førre år	Differanse
Prognose regionale helseføretak (RHF)	800 000 000	832 959 484	-32 959 484
Avrekning RHF førre år	-11 524 805	-34 327 812	22 803 007
Eigendelar RHF	45 328 765	49 390 828	-4 062 063
Sum innbetalt frå statlege rekneskapar	833 803 960	848 022 500	-14 218 540
Prognose fylkeskommunar	5 000 000	4 000 000	1 000 000
Avrekning fylkeskommunar førre år	2 519 000	-1 882 239	4 401 239
Sum innbetalt frå fylkeskommunar	7 519 000	2 117 761	5 401 239
Prognose kommunar	200 000 000	150 000 000	50 000 000
Avrekning kommunar førre år	57 085 375	-16 303 514	73 388 889
Sum innbetalingar frå kommunar	257 085 375	133 696 486	123 388 889
Sum overføringar til fondet	1 098 408 335	983 836 747	114 571 588
Prognose erstatningsutbetalingar	1 005 000 000	986 959 484	18 040 516
Prognose resultat for perioden	93 408 335	-3 122 737	96 531 072

Rekneskap	Rapporteringsår	Førre år	Differanse
Tilskot frå regionale helseføretak	788 475 197	798 631 672	-10 156 475
Eigendel helseføretak	45 328 765	49 390 828	-4 062 063
Tilskot frå statlege verksemdar	833 803 962	848 022 500	-14 218 538
Tilskot frå fylkeskommunar	7 519 099	2 117 761	5 401 338
Tilskot frå kommunar	257 085 376	133 696 505	123 388 871
Tilskot frå fylkeskommunar og kommunar	264 604 475	135 814 266	128 790 209
Sum overføringar til fondet	1 098 408 437	983 836 766	114 571 671
Erstatningsutbetalingar	975 442 238	1 065 709 386	-90 267 148
Bank- og kortgebyr*	1 134	1 282	-148
Resultat for perioden	122 965 065	-81 873 902	204 838 967

*Korrigert for IB og opne postar jf. kontantprinsippet.

Verksemdsrekneskapen etter kontantprinsippet

Instruksen av 15. desember 2021, fastsett av Helse- og omsorgsdepartementet, slår fast at fond for pasientskadeordninga - offentlig helseteneste - skal føre rekneskap etter kontantprinsippet. Det vil seie at verksemdsrekneskapen skal presenterast etter kontantprinsippet ved årsslutt. Tilskota knytte til offentlig helseteneste og NPE si utbetaling av erstatningar for same område, blir førte over eigen konto i Noregs Bank. Årsrekneskapen for 2021 er presentert etter kontantprinsippet, og skal ta vare på krava i instruksen.

Revisjonsordning

Riksrevisjonen er ekstern revisor, og stadfestar årsrekneskapen for fond for pasientskadeordninga - offentlig helseteneste. Vurdering av rekneskapen vil framgå av revisjonsrapporten som fondet tek imot våren 2022. Årets revisjon er per i dag ikkje fullført.

15.03.2022



Rolf Gunnar Jørstad
direktør

2. Prinsippnote til årsrekneskapen – oppstilling av løyvingsrapportering for statlege fond

Årsrekneskap for statlege fond er utarbeidd og avlagd etter nærare retningslinjer fastsett i «Bestemmelser om økonomistyring i staten» ("bestemmelsene").

Årsrekneskapen er i høve til krav i bestemmelsene punkt 3.4.6 og rundskriv frå Finansdepartementet R-115 av september 2019, punkt 8.

Definisjon av statleg fond

Eit statleg fond er ein formuesmasse (kapital) som rekneskapsmessig er skild frå dei midla staten har elles. Bruken er bunden til eit nærare fastsett føremål som varer utover eitt budsjettår. Fond har ei forenkla rapportering til statsrekneskapen.

Betalingsformidling skal skje gjennom konsernkontoordninga til staten, og likvidane skal stå på oppgjerskonto i Noregs Bank. Behaldningar på oppgjerskontoar blir overførte til nytt år.

Løyvingsrapporteringa

Øvre del av oppstillinga viser kva som er rapportert i likvidrapporten til statsrekneskapen. Likvidrapporten viser saldoen for fondet og likvidrørsler på oppgjerskontoen fondet har i Noregs Bank. Alle finansielle egedelar og plikter som fondet er oppført med i kapitalrekneskapen til staten, viser seg i nedre del av oppstillinga.

3. Prinsippnote til årsrekneskapen - oppstilling av fondsrekneskapen for statlege fond

Fondsrekneskapen tilsvarar oppstillinga av verksemdsrekneskapen i årsrekneskapen for statlege verksemder. Fondsrekneskapen er utarbeidd etter kontantprinsippet. Det inneber at inntektene (overføringar til fondet) blir viste i oppstillinga av resultatet når dei er innbetalte. Utgifter (overføringar frå fondet) blir viste i oppstillinga av resultatet når dei er utbetalte.

Resultatoppstillinga inneheld alle overføringar til og frå fondet i rekneskapsåret. Resultatet for perioden er skilnaden mellom overføring til og frå fondet. Resultatet viser netto endringar i fondskapitalen. Resultatet er overført til opptent fondskapital i balanseoppstillinga. I note til fondsrekneskapen talar vi om kortsiktige fordringar. Opplysinga kjem ikkje fram av balansen, fordi rekneskapen blir utarbeidd etter kontantprinsippet.

Kapitalinnskot eller tilbakebetaling av kapitalinnskot i fondet er ikkje synleg i resultatoppstillinga, men blir ført direkte i balansen mot innskoten fondskapital.

Fond for pasientskadeordninga - offentlig helseteneste – er eine og åleine samansett av statlege middel, og staten disponerer difor midla i fondet. I kapitalrekneskapen skal dette fondet først både under kontolån ordinære fond (gjeld), i kontogruppe 81, og under ordinære fond (eigedelar) i kontogruppe 64.

4. Oppstilling av løyingsrapportering etter forenkla oppstillingsplan med tilhørende notar

Tabell 2 Oppstilling av løyingsrapportering per 31.12.2021

Behaldningar rapporterte i likvidrapport	Rapporteringsår
Inngående saldo på oppgjerskonto i Noregs Bank	-59 613 590
Endringar i perioden	122 965 065
Sum utgåande saldo oppgjerskonto i Noregs Bank	63 351 475

Tabell 3 Behaldningar rapporterte til kapitalrekneskapen per 31.12.2021

Konto	Tekst	Rapporteringsår	Forrige år	Endring
640701	Opgjerskonto i Noregs Bank	63 351 475	-59 613 590	122 965 065
810701	Fondskapital	-63 351 475	59 613 590	-122 965 065

Note A Forklaring av samla tildeling (utgifter)

Driftsutgiftene i offentlig helseteneste blir dekte over NPE si ordinære driftsløyving på kap. 741, post 01 Driftsutgifter. Utgifter pasientar har til advokathjelp etter pasientskadelova § 11 blir dekte over kap. 741 post 70 Advokatutgifter. Fondet tek ikkje imot løyvingar over statsbudsjettet. Endring i fondskapital inkluderer endringar i saldo for interimskonto.

5. Oppstilling av fondsrekneskap som skal vise alle utgifter, inntekter, egedelar, fondskapital og eventuelt gjeld i fondet

Tabell 1 Resultatoppstilling

Resultatoppstilling	Note	Rapporteringsår	Førree år
Overføringar til fondet:			
Tilskot frå statlege verksemder	1	833 803 962	848 022 500
Tilskot frå fylkeskommunar	1	7 519 099	2 117 761
Tilskot frå kommunar	1	257 085 376	133 696 505
Sum overføringar til fondet	1	1 098 408 437	983 836 766
Overføringar frå fondet:			
Erstatningsutbetalingar	2	975 442 238	1 065 709 386
Anna	2	1 134	1 282
Sum overføringar frå fondet	2	975 443 372	1 065 710 668
Resultat for perioden		122 965 065	-81 873 902
Disponering:			
Overføring av resultatet for perioden til fondskapital		-122 965 065	81 873 902

Resultatoppstilling - kolonne er korrigert med opne postar og IB jf. kontantprinsippet

Resultatet for perioden er overført til opptent fondskapital i balansen. Opptent fondskapital kjem fram ved at resultatet for perioden er lagt til opptent fondskapital førre år.

Tabell 5 Balanseoppstilling

Balanseoppstilling	Note	Rapporteringsår	Førre år
Eigedelar:			
Oppgjerskonto i Noregs Bank		63 351 475	-59 613 590
Sum eigedelar		63 351 475	-59 613 590
Fondskapital og plikter:			
Opptent fondskapital		63 351 475	-59 613 590
Sum fondskapital og plikter		63 351 475	-59 613 590

Sum fondskapital og plikter tilsvarar behaldninga på oppgjerskontoen i Noregs Bank, jf. rapportering til kapitalrekneskapen

Sum fondskapital og plikter tilsvarar behaldninga på oppgjerskontoen i Noregs Bank, jf. rapportering til kapitalrekneskapen. Behaldninga har gått opp med nesten 123 mill. kroner frå 2020 til 2021. Auken i resultatet for fondet skuldast at prognosen for erstatningsutbetalingar, som låg til grunn for innkrevjinga av tilskot, var høgare enn det som blei faktiske erstatningsutbetalingar. Det vil bli korrigert for dette ved utrekning av tilskot for 2022.

Tabell 6 Overføring til fondet

Note 1 Overføringer til fondet	Rapporteringsår	Førre år	Differanse
8250 Tilskot frå regionale helseføretak	788 475 197	798 631 672	-10 156 475
8251 Eigendel helseføretak	49 247 918	49 974 684	-726 766
8251 Tilbakeføring opne postar per 31.12.	-4 503 009	-583 856	-3 919 153
8251 Korrigert IB	583 856		583 856
8251 Eigendel helseføretak korrigert	45 328 765	49 390 828	-4 062 063
Tilskot frå statlege verksemder	833 803 962	848 022 500	-14 218 538
8310 Tilskot frå fylkeskommunar	7 519 099	2 117 761	5 401 338
8300 Tilskot frå kommunar	257 085 376	133 696 505	123 388 871
Sum overføringar til fondet	1 098 408 437	983 836 766	114 571 671

Summar er korrigerte med opne postar og IB jf. kontantprinsippet

Tilskot som blir krevd inn er baserte på prognose for erstatningsutbetalingar for inneverande år og ei avrekning av differansen mellom innbetalte tilskot og faktiske erstatningsutbetalingar førre år. Dette følgjer av instruksen for fond for pasientskadeordninga – offentlig helseteneste.

Netto tilskot frå dei regionale helseføretaka, etter avrekning av differansen mellom innbetalte tilskot og faktiske erstatningsutbetalingar i 2021, er redusert med 10,2 mill.

kroner i 2021 samanlikna med 2020. Mesteparten av denne reduksjonen skuldast at det blei avrekna 11,5 mill. kroner i 2021 samanlikna med 34,3 mill. kroner i 2020. Resterande reduksjon på 33 mill. kroner skuldast reduksjon i prognosen for erstatningsutbetalingar.

I 2021 er det innbetalt 4 mill. kroner mindre i eigendel frå helseføretaka enn i 2020. Innkrevjing av eigendel frå helseføretaka utgår frå 01.01.2022, jf. oppdatert instruks for fondet per 15.12.2021.

Netto tilskot frå kommunar, etter avrekning av differansen mellom innbetalte tilskot og faktiske erstatningar i 2020, er auka med 123,4 mill. kroner i 2021 samanlikna med 2020.

Netto tilskot frå fylkeskommunar, etter avrekning av differansen mellom innbetalte tilskot og faktiske erstatningar i 2020, har auka med 5,4 mill. kroner i 2021 samanlikna med 2020.

Tabell 7 Overføring frå fondet

Note 2 Overføringer frå fondet	Rapporteringsår	Førre år	Differanse
Erstatningsutbetalingar	975 442 238	1 065 709 386	-90 267 148
Bank- og kortgebyr*	1 134	1 282	-148
Sum overføringar frå fondet	975 443 372	1 065 710 668	-90 267 296

*Gjeld er teken ut for å framstille rekneskapen etter kontantprinsippet. I verksemdtsrekneskapen er opne postar tilbakeførte for 2021.

Tabell 8. Erstatningsutbetalingar fordelt

Erstatningsutbetalingar fordelt	Rapporteringsår	Førre år
Regionale helseføretak	82,2 %	80,0 %
Fylkeskommunar	0,5 %	0,6 %
Kommunar	17,4 %	19,4 %
Totalt	100 %	100 %

Tal er henta frå internt saksbehandlingssystem

VI-C. Årsrekneskap 2021

Fond for pasientskadeordninga – privat helseteneste

1. Kommenterar frå leiinga

Fondets føremål og mynde

Helse- og omsorgsdepartementet har fastsett «Instruks for fond for pasientskadeordninga – privat helsetjeneste» – oppdatert per 15.05.2019.

Fondet skal finansiere driftskostnader til å behandle saker om erstatning knytte til privat helseteneste, og utbetaling av erstatningar for pasientskadar oppstått i privat helseteneste. Driftskostnadene omfattar både saksbehandlingskostnader og administrasjonskostnader, inkludert nødvendige utgifter til IT-system, register over private aktørar og andre kostnader som er nødvendige for å kunne forvalte ordninga for privat helseteneste. Dekning av driftskostnadene omfattar saksbehandling både i Norsk pasientskadeerstatning (NPE) og i Nasjonalt klageorgan for helsetjenesten (Helseklage). Inntektene til fondet blir finansiert av tilskot betalt av private aktørar etter pasientskadelova § 8.

Aktørar som blir rekna som tilbydarar av private helsetenester går fram av pasientskadelova § 8 og § 7 andre ledd. Jf. òg § 3 i «Forskrift 31. oktober 2008 nr. 1166 om pasientskadelovens virkeområde og om tilskuddsplikt for den som yter helsehjelp utenfor den offentlige helse- og omsorgstjenesten». Desse aktørane har plikt til å betale tilskot til NPE.

Forskrifta gir òg nærare føresegner om reguleringa av privat helseteneste, inkludert omfanget på dei årlege tilskota som skal innbetalast til fondet. Dei årlege tilskota er meint å dekkje alle kostnader relaterte til skadar som oppstår i det aktuelle året. Kostnadene omfattar driftskostnader, utgifter til advokatar og erstatningar. Gjennom innbetalingar til fondet skal det avsetjast middel til framtidige erstatningsutbetalingar, inkludert inntreffe, men ikkje melde eller oppgjorde skadar.

Tilskota skal justerast over tid for å korrigere for eventuelle avvik mellom den faktiske storleiken på fondet og dei avsetningane som ein ser på som nødvendig for å dekkje framtidige erstatningsutbetalingar.

Stadfesting

Årsrekneskapen er avlagd i høve til «Reglementet for økonomistyring i staten» og «Bestemmelser om økonomistyring i staten», jf. punkt 3.4.6. Vi meiner at årsrekneskapen gir eit dekkjande bilde av disponible middel, rekneskapsførte inn- og utbetalingar, kostnader og inntekter, egedelar og gjeld i fondet. Årsrekneskapen inneheld forenkla oppstilling av løyvingssrapporteringa og oppstilling av fondsrekneskap med notar.

Vurdering av vesentlege forhold

Det er utbetalt til saman 56,8 mill. kroner i erstatningar i 2021, som er ein reduksjon på 9,2 mill. kroner samanlikna med 2020. Rekneskapen for fondet viser samla utgifter på 101,8 mill. kroner i 2021. Det er ein reduksjon på 2,0 mill. kroner samanlikna med 2020.

Endringa i utgiftene til fondet i 2021 kan i hovudsak forklarast med reduserte erstatnings-utbetalingar på 9,2 mill. kroner, reduserte driftsutgifter på 3,1 mill. kroner til saksbehandling i Helseklage og auka driftsutgifter til saksbehandling i NPE på 6,3 mill. kroner. Auken i driftsutgiftene til NPE inkluderer auka sakkunnigutgifter, kostnader i samband med flytting til nye lokale og aktivitetar på IT-området.

I 2021 hadde fondet samla inntekter på 124,8 mill. kroner. Inntektene er samansette av innbetalt tilskot frå aktørar i privat helseteneste og regresskrav. Tilskot frå private helseaktørar har auka med 13,4 mill. kroner frå 2020 til 2021. Dette skuldast i hovudsak at behandlingsstader som stengde ned under starten av pandemien i 2020 no har opna igjen. Regressinntektene i 2021 har auka med 3,8 mill. kroner samanlikna med 2020. Auken i regressinntekter kan i stor grad forklarast med at Statens innkrevingsentral (SI) har byrja med tvangsinnkrevjing av krava sjølve, noko som tidlegare blei gjort av Namsmannen.

Overføring av resultatet for perioden til fondskapital har auka med 19,4 mill. kroner frå 2020 til 2021. Auken skuldast i hovudsak lågare erstatningsutbetalingar, høgare inntekter frå private helseaktørar og regresskrav. Behaldninga på fondet rapportert til statsrekneskapen per 31.12.2021 er 117,3 mill. kroner. Det er ein auke på 22,9 mill. kroner frå 2020.

Verksemdsrekneskapen etter kontantprinsippet

I instruksen av 15. mai. 2019, fastsett av Helse- og omsorgsdepartementet, er det fastslått at fondet for pasientskadeordninga - privat helseteneste - skal føre rekneskap etter kontantprinsippet. Det vil seie at verksemdsrekneskapen skal presenterast etter kontantprinsippet ved årsslutt. Tilskota knytte til privat helseteneste og utbetaling av erstatningar frå NPE for same område blir ført over eigen konto i Noregs Bank. Årsrekneskapen for 2021 er presentert etter kontantprinsippet, og skal ta vare på krava i instruksen.

Revisjonsordning

Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfestar årsrekneskapen for fond pasientskadeordninga – privat helseteneste. Vurdering av rekneskapen vil framgå av revisjonsrapporten som fondet tek imot våren 2022. Årets revisjon er per i dag ikkje fullført.



15.03.2022

Rolf Gunnar Jørstad
direktør

2. Prinsippnote til årsrekneskapen – oppstilling av løyvingsrapportering for statlege fond

Årsrekneskap for statlege fond er utarbeidd og avlagt etter nærare retningslinjer fastsett i «Bestemmelser om økonomistyring i staten» ("bestemmelsene").

Årsrekneskapen er i høve til krav i bestemmelsene punkt 3.4.6 og rundskriv frå Finansdepartementet R-115 av september 2019, punkt 8.

Definisjon av statleg fond

Eit statleg fond er ein formuesmasse (kapital) som rekneskapsmessig er skild frå dei midla staten har elles, og der bruken er bunden til eit nærare fastsett føremål som varer utover eitt budsjettår.

Fond har ei forenkla rapportering til statsrekneskapen. Betalingsformidling skal skje gjennom konsernkontoordninga til staten, og likvidane skal stå på oppgjerskonto i Noregs Bank. Behaldningar på oppgjerskontoar blir overførte til nytt år.

Løyvingsrapporteringa

Øvre del av oppstillinga viser kva som er rapportert i likvidrapporten til statsrekneskapen. Likvidrapporten viser saldoen for fondet og likvidrørsler på oppgjerskontoen fondet har i Noregs Bank. Alle finansielle egedelar og plikter som fondet er oppført med i kapitalrekneskapen til staten, viser seg i nedre del av oppstillinga.

3. Prinsippnote til årsrekneskapen - oppstilling av fondsrekneskapen for statlege fond

Fondsrekneskapen tilsvarar oppstillinga av verksemdsrekneskapen i årsrekneskapen for statlege verksemder. Fondsrekneskapen er utarbeidd etter kontantprinsippet. Det inneber at inntektene (overføringar til fondet) viser seg i oppstillinga av resultatet når dei er innbetalte. Utgifter (overføringar frå fondet) viser seg i oppstillinga av resultatet når dei er utbetalte.

Resultatoppstillinga inneheld alle overføringar til og frå fondet i rekneskapsåret. Resultatet for perioden er skilnaden mellom overføring til fondet og overføring frå fondet, og resultatet viser netto endringar i fondskapitalen. Resultatet er overført til opptent fondskapital i balanseoppstillinga. I note til fondsrekneskapen er kortsiktige fordringar omtalte. Opplysninga kjem ikkje fram av balansen, fordi rekneskapen blir utarbeidd etter kontantprinsippet.

Kapitalinnskot eller tilbakebetaling av kapitalinnskot i fondet er ikkje synlege i resultatoppstillinga men blir førte direkte i balansen mot innskoten fondskapital.

4. Oppstilling av løyingsrapportering etter forenkla oppstillingsplan med tilhørende notar

Tabell 1. Oppstilling av løyingsrapportering per 31.12.2021

Behaldningar rapportert i likvidrapport	Rekneskap 2021
Inngående saldo på oppgjerskonto i Noregs Bank	94 289 481
Endringar i perioden	22 993 470
Sum utgåande saldo oppgjerskonto i Noregs Bank	117 282 951

Tabell 2. Behaldningar rapportert til kapitalrekneskapen per 31.12.2021

Konto	Tekst	2021	2020	Endring
810702	Behaldningar på konto(ar) i Noregs Bank	-117 282 951	-94 289 481	-22 993 470

Forklaring av samla tildeling (utgifter)

Fond for pasientskadeordninga – privat helseteneste (PHT) er fullfinansiert av private aktørar, og dekkjer erstatningsutbetalingar, advokatutgifter og driftsutgifter. Fondet tek ikkje imot løyving over statsbudsjettet.

5. Oppstilling av fondsrekneskap som skal vise alle utgifter, inntekter, egedelar, fondskapital og eventuelt gjeld i fondet

Tabell 3. Resultatoppstilling

Resultatoppstilling	2021	2020
Tilskot frå private helseaktørar	118 537 572	105 163 746
Regress frå private helseaktørar	6 254 795	2 369 961
Sum overføringar til fondet	124 792 367	107 533 707
Erstatningsutbetalingar	-56 839 339	-66 050 941
Dekning av driftsutgifter NPE	-35 603 442	-29 303 174
Dekning av driftsutgifter Helseklage	-6 033 300	-9 163 000
Anna	-3 319 991	654 442
Sum overføringar frå fondet	-101 796 072	-103 862 673
Resultat for perioden*	22 996 295	3 671 033
Disponering:		
Overføring av resultatet for perioden til fondskapital	22 996 295	3 671 033

Resultatet for perioden er overført til opptent fondskapital i balansen. Opptent fondskapital blir rekna ut ved å leggje resultatet for perioden til opptent fondskapital i førre år.

* Tilleggsinformasjon for resultatet for perioden og overføring av resultatet for perioden til fondskapital

Differansen mellom resultatet for perioden og det som er rapportert som fondskapital i statsrekneskapen per 31.12.2021 utgjør 2825 kroner. Dette er vurdert som ikkje vesentleg og vil bli korrigert i 2022.

Tabell 4. Balanseoppstilling

Balanseoppstilling	2021	2020
Eigedelar:		
Oppgjærskonto i Noregs Bank	117 282 951	94 289 482
Sum eigedelar	117 282 951	94 289 482
Fondskapital og plikter:		
Opptent fondskapital	117 282 951	94 289 482
Sum fondskapital og plikter	117 282 951	94 289 482

Tabell 5. Inntekter

Note 1 Overføringar til fondet	2021	2020	Differanse
8481 Tilskot frå privat helseteneste	116 999 662	106 668 799	10 330 863
Tilbakeføring opne postar per 31.12	1 537 910	-1 505 053	3 042 963
Tilskot frå private aktørar	118 537 572	105 163 746	13 373 826
8480 Regress	2 020 000	2 533 206	-513 206
Tilbakeføring opne postar per 31.12	4 234 795	-163 245	4 398 040
Regress frå private aktørar	6 254 795	2 369 961	3 884 834
Sum overføringar til fondet	124 792 367	107 533 707	17 258 660

Både konto *8481 Tilskot frå privat helseteneste* og *8480 Regress* viser ei spesifisering av korleis IB, opne postar frå tidlegare år og opne postar per 31.12.2021 er tekne omsyn til for å ta vare på kravet om kontantprinsippet i årsrekneskapen.

I 2021 hadde fondet samla inntekter på 124,8 mill. kroner (sjå tabell 5). Inntektene er samansette av innbetalt tilskot frå aktørar i privat helseteneste og regresskrav. Tilskot frå private helseaktørar har auka med 13,4 mill. kroner frå 2020 til 2021.

Behandlingsstader som stengde ned under pandemien, har no opna att. Dermed aukar tilskotet frå desse.

For 2021 har det vore en reduksjon i tal regresskrav frå 20 til 12 saker. Regressinntektene i 2021 har auka med 3,9 mill. kroner samanlikna med 2020 (sjå tabell 5). Auken kan i stor grad forklarast med at Statens innkrevingsssentral (SI) har byrja med tvangsinnkrevjing av krava sjølve, noko som tidlegare blei gjort av Namsmannen.

Tabell 6. Utgifter

Note 2 Overføringer frå fondet	2021	2020	Differanse
Erstatningsutbetalingar	-56 839 339	-66 050 941	9 211 602
Dekning av driftsutgifter NPE	-35 603 442	-29 303 174	-6 300 268
Dekning av driftsutgifter Helseklage	-6 033 300	-9 163 000	3 129 700
Anna (sjå tabell 7)	-3 319 991	654 441	-3 974 432
Sum overføringar frå fondet	-101 796 072	-103 862 674	2 066 602

Det er utbetalt til saman 56,8 mill. kroner i erstatningar i 2021. Det er ein reduksjon på 9,2 mill. kroner samanlikna med 2020.

Driftsutgiftene i NPE og i Helseklage er belasta fondet med utgangspunkt i ein gjennomsnittspris for kor mykje det kostar å behandle ei sak, inkludert advokatutgifter. Dekning av driftsutgifter for NPE viser ein auke på 6,3 mill. kroner frå 2020. Endringa skuldast auka totale driftsutgifter i NPE og fleire saker frå privat helseteneste. Dette gir auka utgifter til fordeling for fondet. For Helseklage er det reduserte driftsutgifter på 3,1 mill. kroner samanlikna med 2020.

Anna-posten fordeler seg mellom bank- og kortgebyr, øreavrunding, konstaterte tap på fordringar og renteinntekter, sjå tabell 7 under.

Tabell 7. Anna

Annet	2021	2020	Differanse
7770 Transaksjonskostnader (bank - og kortgebyr)	-2 306	-2 442	136
7772 Øreavrunding	329	-7	336
7830 Konstaterte tap på fordringar	-479 748	-	-479 748
7831 Konstaterte tap på fordringar - Regress	-2 929 537	-	-2 929 537
8050 Renteinntekt - kontoar utanfor konsernkontoordningane	33 730	541 339	-507 609
8051 Renteinntekter	57 541	102 552	-45 011
Sum Anna	- 3 319 991	641 442	- 3 961 433

Konto 7772 er hovudsakleg samansett av automatiske øreavrundingar i samband med fakturering. I tillegg er det bokført postar under 100 kroner som anten er for mykje eller for lite innbetalt på kunderskonto. Vi betalar ikkje tilbake og krev ikkje inn summar under 100 kroner fordi vi har vurdert at det er for kostbart og tidkrevjande. Statens innkrevingsentral krev heller ikkje inn summar under 100 kroner av same grunn.

Ved tapsføring brukar vi konto 7830 Tap på fordringar/7831 Tap på fordringar regress. Desse kontoane kan berre brukast når krava i økonomireglementet kap. 5.4 (pkt. 5.4.2.5, 5.4.3, 5.4.4, 5.4.5) er oppfylte. Privat helseteneste brukar Statens innkrevingsentral til å følgje opp krav som ikkje blir betalte som føresett.

I 2021 hadde Statens innkrevingsentral ei vurdering av krav som kan avskrivas på grunn av konkurs og/eller forelding hjå private helseaktørar. Det er gjort tapsføring på

0,5 mill. kroner på 26 tilskotskrav på konto 7830 og tapsføring på 2,9 mill. kroner på sju regresskrav på konto 7831. Samla er det tapsført 3,4 mill. kroner i 2021.

Inntekter på konto 8050 er renteinntekter betalt av Noregs Bank ved årsslutt. Inntekter på konto 8051 er renter betalt frå Statens innkrevingsentral i samband med innkrevjinga.

Året som har gått

Ny meinforskrift på pasientskadeområdet

Forskrift om meinerstatning ved pasientskadar tredde i kraft 15.03.2021. Det er òg laga ein rettleiar til forskrifta med eksempel.

Den nye forskrifta gjeld saker melde til NPE etter 15.03.2021. Saker melde før 15.03.2021 blir behandla etter yrkesskadeforskrifta.

Kvifor ny forskrift?

Bakgrunnen for den nye forskrifta er at forskrift om meinerstatning ved yrkesskader (Ysf) har gitt føringar for utrekning av meinerstatning i pasientskadesaker. Ysf er utarbeidd med tanke på skadar og sjukdomar som typisk kan inntre ved yrkesskadar. Denne forskrifta har i liten grad vore oppdatert i takt med den medisinske utviklinga, og er mangelfull når det gjeld skadar som erfaringsmessig oppstår ved pasientbehandling.

Det er viktig å sikre likebehandling, førehandskjende vilkår og rett erstatning basert på oppdatert medisinsk kunnskap. Sidan det ikkje var mogleg å få til ein felles revisjon av Ysf, fekk NPE i oppdrag frå Helse- og omsorgsdepartementet å lage ei ny forskrift om meinerstatning ved pasientskadar.

- Arbeidet med forskrift om meinerstatning ved pasientskadar har gått over fleire år. Det er ein milepæl at vi no får ei eiga forskrift om meinerstatning ved pasientskadesaker, seier avdelingsdirektør for juridiske oppgåver og sakkunnig utgreiing Vibeke Bugge Møllhausen.



Vibeke Bugge Møllhausen

Innhaldet i ny forskrift

Forskrift om meinerstatning ved pasientskadar er delt inn i tre delar på same måte som Ysf. Del I er om alminnelege fråsegnar og del II og III er invaliditetstabellar. Meinforskrifta på pasientskadeområdet byggjer på innhaldet i yrkesskadeforskrifta.

Sidan det ikkje var mogleg å revidere heile tabellverket på ein gong, valde vi ut enkelte medisinske område der behovet for ein revisjon var særleg stort.

Dei medisinske områda som fyrst blei valde ut var fordøyingsystemet (mage og tarm), kjønnsorgan, urinrør og hjarte. Desse områda er òg omtalte i yrkesskadeforskrifta, men dei er supplerte og justerte i den nye forskrifta. I tillegg er det laga eit generelt punkt om smerter og eit nytt punkt om cerebral parese. Elles er resten av tabellverket frå yrkesskadeforskrifta kopiert inn i forskrift om meinerstatning ved pasientskadar.

Held fram arbeidet med nye medisinske område

NPE vil arbeide vidare med enkelte nye skadeområde som vil bli lagde til i forskrifta på eit seinare tidspunkt.

Vi vil følgje nøye med på korleis forskrifta fungerer og vurdere behov for endringar om det viser seg at ho får utilsikta konsekvensar.

Arbeidet med forskrift om meinerstatning ved pasientskadar har gått over fleire år. Det er ein milepæl at vi no får ei eiga forskrift om meinerstatning ved pasientskadesaker.

Arbeidet med flyttinga til Middelthuns gate 29

I februar 2022 flytta Norsk pasientskadeerstatning frå Wergelandsveien 1 til Middelthuns gate 29 (M29) på Majorstua. Prosjektleder for flyttinga, Mårten Landgraff, har gjennom heile 2021 vore oppteken med store og små detaljar, før NPE kunne ta i bruk nye lokale.

Den kanskje viktigaste avgjerda for organisasjonen var ein ny arbeidskvardag for dei tilsette: ut av cellekontor, og inn i ope kontorlandskap.

- Prinsippa som skulle gjelde for M29 – «free seating» og «clean desk» - blei lagde alt i januar. Det var viktig å ha dette på plass tidleg, så vi kunne bruke 2021 på å modne tanken om ope landskap, og involvere dei tilsette i etableringa av ein ny kvardag bort frå cellekontor, fortel Landgraff.

Praktiske detaljar

Meir praktiske detaljar blei òg etablerte tidleg på nyåret. I samarbeid med innleigde arkitektar landa prosjektet det overordna temaet - fargar og visuelt uttrykk - for lokala. Temaet skulle spegle det verneverdige NVE-bygget og blei ein moderne retro-stil.

Utover våren arbeidde prosjektet med planløyising, infrastruktur og IT-løyisingar. I april starta arbeidet med å involvere dei tilsette i flytteprosessen.



Mårten Landgraff på befaring i M29.

- Involveringa av dei tilsette starta med ei stor spørjeundersøking om temaa «arbeidsplassløyisingar, samhandling, kultur og trivsel i nye lokale». Dette var oppstarten for arbeidet vi skulle gjere seinare på hausten i eigne workshops, seier Landgraff.

Involvering av tilsette

Hausten starta med å vitje andre verksemder som hadde vore gjennom liknande flytteprosessar, for å hauste erfaringar. Workshops om samarbeid og samhandling starta opp, og gjekk gjennom heile hausten 2021.

- Gjennom desse workshopane involverte vi dei tilsette på alvor. Gjennom gruppearbeid der heile organisasjonen blei invitert, laga vi køyrereglar for dei forskjellige sonene som utgjer eit ope kontorfellesskap; arbeidssoner med fokus på stille og konsentrasjon, samarbeidssoner der praten kan gå lausare medan ein jobbar – og sosiale soner med god stemning, forklarar Landgraff.

Utflytting og siste detaljar

I siste kvartal var fokus òg på lokala vi skulle ut av, i tillegg til dei nye vi skulle ta i bruk. Anbudsprosess for utflytting av gamle lokale starta opp, med avhending av gamle møblar og utstyr som ikkje skulle med vidare. Gjenbruk blei sett på dagsorden, og vi arrangerte gratis loppemarknad der tilsette kunne ta med heim utstyr og gjenstandar som elles ville blitt kasta.

- På tampen av året arrangerte vi det årlege NPE-seminaret vårt der vi presenterte utfyllande informasjon om den nærståande flyttinga. Køyrereglane for nye lokale, som blei etablerte gjennom hausten, blei presenterte for ein samla organisasjon. Ein uhøgtideleg namnekonkurranse i framkant av seminaret gjorde at vi òg kunne avsløre namn på møteromma i M29. 15. desember tok vi over lokala – dryge to veker før avtalt overtaking i januar 2022, avsluttar Landgraff.



Ny kommunikasjonsstrategi

Ny kommunikasjonsstrategi skal hjelpe oss med å bli meir tydelege og målretta i kommunikasjonen vår, både eksternt og internt.

Hausten 2021 fekk NPE ein ny kommunikasjonsstrategi på plass. Strategisk kommunikasjon skal vere ein sjølvsgagt del av all planlegging i verksemda. Det vil seie at alle relevante avgjerder og handlingar skal kunne kommuniserast på ein klar og lett forståeleg måte til interne og eksterne målgrupper.

Aktiv og tilpassa kommunikasjon

NPE skal kommunisere i eit klart og tydeleg språk og bruke digitale kanalar og plattformer, slik at vi møter menneske der dei er. Erstatningssøkjjarane skal vite at NPE finst og tek vare på ein viktig rett for pasientar som har kome uheldig ut i møte med helsetenesta.

- Vi skal vere tydelege, profesjonelle og personlege. Vi skal kommunisere med eit språk som gjer det komplekse forståeleg, seier fung. kommunikasjonssjef Torill Svoldal Stæhr.

Omtenkjam, opplysende og kvalitetsmedviten

Dei viktigaste føringane for kommunikasjonsstrategien er dei strategiske målsetjingane NPE har sett for 2019 – 2023, i tillegg til verdiane våre: å være omtenkjam, kvalitetsmedviten og opplysende.

Vi skal drive aktivt opplysningsarbeid om pasientskadeerstatninga, vere godt kjende og lett tilgjengelege. Kommunikasjonen skal bidra til god forventingsstyring, mellom anna ved målgruppetilpassa kommunikasjon og å opplyse om kva pasientskadeordninga er og ikkje er.

Kommunikasjonsstrategien er eit godt verktøy

Strategien vil bidra til at kommunikasjonsarbeidet byggjer eit godt omdøme og ein posisjon som er tydeleg og rett, og i samsvar med det samfunnsoppdraget NPE har.

-Strategien skal òg bidra til at vi har tillit i folket og vere klargjerande for kva vi skal kommunisere, til kven og korleis, seier Stæhr.



Torill Svoldal Stæhr

Førebuingar til ny saksbehandlingsløysing

Norsk pasientskadeerstatning (NPE) og Nasjonalt klageorgan for helsetjenesten (Helseklage) brukar same saksbehandlingsløysing basert på Public 360 frå TietoEvry. Ved å samarbeide om løysinga, sparar vi ressursar samanlikna med å jobbe kvar for oss.

Løysinga (kalla Isak) er utvikla over tid, og har mange spesialtilpassingar for saksbehandlinga vår. No treng løysinga ei modernisering. Vi har behov for ei løysing som er meir brukarvenleg og som er meir berekraftig i drift og utvikling. Vi ynskjer òg å ta i bruk ny teknologi og skyløysingar der det er mogleg. Det overordna målet er å få på plass ei god og moderne løysing som bidreg til effektiv saksbehandling og redusert ventetid for brukarane våre.

Smartprosjektet vårt jobbar med å førebu arbeidet. Prosjektet har deltakarar frå Helseklage og NPE, og blir leia av dei to etatane i fellesskap.



Marit Stene Myrvåg



Helge Fauskanger.
Fotograf: Cecilie Bannow

Gjennom 2021 har vi jobba med å kartleggje dagens prosessar og behovet vårt vidare. Sidan vi brukar Isak på alle område i dei to etatane, har det vore eit både omfattande og viktig arbeid.

Vi har òg jobba med å modernisere dei tekniske plattformene våre, slik at dei er klare for å ta imot ei ny saksbehandlingsløysing.

Innanfor området til NPE har vi starta utviklinga av ei eiga løysing for oppfølging av tilskotspliktige verksemder i privat helseteneste.

Samtidig har vi gjort vurderingar av tryggleik og personvern, mellom anna knytte til skyløysingar. Vi har som ambisjon å nytte skytenester, men må vere trygge på at dei er sikre og tilfredsstillende krava til godt personvern.

Hausten 2021 avgjorde vi å konkurranseutsetje saksbehandlingsløysinga vår, og førebur no anskaffinga. Vi vel å gå breitt ut, og håpar at mange leverandørar vil vere interesserte i konkurransen om spennande digital utvikling på eit viktig samfunnsområde, seier avdelingsdirektør Helge Fauskanger i Helseklage og avdelingsdirektør Marit Stene Myrvåg i NPE, prosjekteigarar for Smartprosjektet.

Kortare saksbehandlingstider i 2021

Avdelingsdirektør Anne-Mette Gulaker er veldig godt fornøgd med resultatet. Ho meiner mykje av forklaringa ligg i målretta jobbing over tid, men at koronasmittesakene òg dreg ned gjennomsnittstala.

Gjennom 2021 klarte NPE å redusere den gjennomsnittlege saksbehandlingstida med 12 prosent. I sakene som fekk ja og som fekk utbetalt erstatning, gjekk saksbehandlingstida ned med 23 prosent, samanlikna med året før.

- Vi er ekstra fornøgde med at dei gode resultatane ikkje har gått ut over kvaliteten i saksbehandlinga, seier Gulaker.

Sju månader behandlingstid i snitt

Det tok i snitt i underkant av sju månader frå NPE tok imot søknaden, til erstatningssøklar fekk vite om dei har rett på erstatning eller ikkje. Dei søklarane som har fått medhald i kravet sitt, får i snitt utbetalt erstatninga etter endå sju månader.

Saksbehandlingstida varierer rett nok mykje, mellom anna på grunn av ulik kompleksitet i sakene.

Koronasmittesaker bidrog til rekord i 2021

NPE tok imot rekordmange erstatningssøknader i 2021, og 13 prosent meir enn prognosane.

- 674 saker gjaldt følgjer av koronavaksine eller smitte av sjølve sjukdomen, og må difor seiast å bidra i stor grad til auken frå året før, seier Gulaker.

Målretta jobbing og kompetanseutvikling er sentralt



Gulaker meiner dei gode resultatane skuldast fleire tiltak NPE har jobba jamt og aktivt med over lenger tid.

- Vi har lagt om delar av saksbehandlinga, slik at den same saksbehandlaren i stadig større grad er ansvarleg for same sak gjennom fleire trinn. Dermed sparar vi tid på at ein ny saksbehandlar skal overta saka, og setje seg inn i detaljar og vurderingar som er gjorde.

Tilbakemeldingar frå saksbehandlarane sjølve, tyder på at både dei og erstatningssøklarane meiner dette er ei god ordning, som aukar tilliten hjå erstatningssøklarane og betrar forståinga hjå saksbehandlar av kva som er viktig å ha på plass før saksgangen vidare.

Gulaker viser til at kompetanseutvikling og opplæring av dei tilsette har vore sentralt.



Anne-Mette Gulaker

- Vi har hatt stor suksess med opplæring i team for nytilsette. Slik blir det lettare å utveksle erfaringar og forståing mellom kollegaer, og vi som legg opp opplæringar og kurs får erfare kva for område det er lurt å fokusere mest på.

Gulaker viser òg til at NPE har jobba med å betre kontakten og tilgjengelegheita til dei sakkunnige, og jobba med tettare oppfølging og opplæring av desse. Dette kan bidra til at det blir mindre skriftlege tilleggsspørsmål, og dei sakkunnige erfarer kvar dei bør vere tydelegare, og kva saksbehandlarane er ute etter for å få svar på dei sentrale spørsmåla i utgreiinga av saka.

- I tillegg har fleire av erstatningssøklarane våre fått hjelp via den digitale brukarportalen vår, Mi side, og dermed sparar vi tid i postgang, og kan raskare få avklart ukklarleikar.

Ny seksjon for saksbehandling og tenesteutvikling

I november 2021 fekk Elin Johnsen med seg sju saksbehandlarar frå andre seksjonar i NPE, og danna «Seksjon for saksbehandling og tenesteutvikling» – no best kjend som «SOTU».

Seksjonen fell under Avdeling A for pasientskadesaker, og skal mellom anna bidra med å skildre kva for behov saksbehandlingsområdet har overfor dei som utviklar digitale tenester og løysingar.

Samarbeid på tvers av fagområde, verksemder og landegrensar



Elin Johnsen

- Føremålet med å opprette seksjonen er å spreie kompetansen og forståinga av teknisk utvikling, og vere eit mellomledd mellom dei ulike miljøa, forklarar seksjonssjef Johnsen. Vi har samla erfaring frå fleire forskjellige seksjonar i NPE, og sett saman eit team som skal jobbe delvis med utvikling og delvis med saksbehandling.

Ho presiserer at føremålet ikkje er å konkurrere med IT-seksjonen, men å samarbeide med dei og andre fagområde, mellom anna økonomi og dei sakkunnige, i tillegg til Norsk helsenett. Dessutan er det oppretta dialog med andre offentlege organ i Noreg, i håp om å lære av deira opplevingar og gjere arbeidet så effektivt som mogleg.

- Automatisering og robotisering vil bli stadig meir viktig i arbeidslivet og saksbehandlinga framover. Eit eksempel på kva vi skal jobbe med i den samanhengen, er vidareutvikling av Mi side og automatisering av prosessar i saksbehandlinga, seier Johnsen.

- Vi har allereie hatt møte med systerorganisasjonane våre mellom anna i Sverige og Danmark, for å sjå korleis dei har løyst dette. Vi vil samarbeide endå meir med dei framover, noko vi ser fram til.

I tillegg vil den nye seksjonen sjølvsagt vere engasjert i arbeidet med ny saksbehandlingsløyising for NPE og Helseklage.

Allsidig seksjonssjef for ein allsidig seksjon

Johnsen har lang fartstid som seksjonssjef i NPE, men òg mykje erfaring med utvikling, forenkling og tekniske prosjekt. Mellom anna er ho produkteigar for ISAK og Mi side, er fagkoordinator i Smart-prosjektet, og har vore leiar for diverse utviklingsprosjekt gjennom NPE-karrieren.

- Målet for seksjonen er å bidra til å tilpasse tenester, slik at dei fungerer best mogleg for alle partar. Dei tilsette i seksjonen blir difor fordelte utover på prosjekt og tenesteutvikling, og rapporterer jamleg tilbake til dei andre. I tillegg har alle saksbehandlarane ein portefølje med erstatningssaker, og skal bidra med opplæring av både nye og allereie tilsette NPE-arar.

Vonleg vil dette tilby moglegheiter for kompetansebygging, vidareutvikling og varierte oppgåver for dei tilsette, samtidig som NPE i endå større grad kan drive i tråd med strategien vår.

Nytt tilbod om opplæring av avtalesakkunnige

Å utvikle eit godt digitalt opplæringstilbod har vore særleg sentralt i 2021, mellom anna for betre å møte heimekontorordninga for dei avtalesakkunnige. Målet er å sikre god rolleforståing, lågare kostnader, effektiv produksjon og sakkunnigvurderingar av høg kvalitet.

- Etter enno eit år med pandemi, har vi vore nøydde til å sjå heimekontorsituasjonen som meir permanent, seier seksjonssjef i seksjon for sakkunnig utgreiing (SSU), Iren Grøndahl.

- Vi ser at det kan vere meir krevjande for nokre avtalesakkunnige, spesielt dei nye, å kome godt i gang utan å ha fått opplæring i lokala til NPE. Vi har i 2021 utvikla ein ny opplæringspakke, med videoar og digitale kurs.

Avtalesakkunnige er sakkunnige spesialistar med ein fast avtale om å jobbe eit visst tal timar per måned med å vurdere saker for NPE.



Iren Grøndahl

Meistring av digitale hjelpemiddel gir betre ressursbruk

Grøndahl fortel at dei gjennom året har jobba endå meir målretta med samhandling mellom saksbehandlarane og dei sakkunnige, og dermed oppnådd resultat i tråd med strategien til NPE.

Mellom anna har dei med hjelp frå IT-seksjonen starta opplæring i bruk av digitale møte og digital samhandling. Dette for at dei sakkunnige skal kunne kommunisere enklare

med andre sakkunnige og saksbehandlarane, utan å vere til stades fysisk. Det blir ekstra viktig framover, fordi dei sakkunnige i hovudsak skal halde fram på heimekontor òg etter pandemien.

- Vi ser dessutan at denne forma for målretta opplæring vil avlaste brukarstøtteapparatet, som vidare reduserer ressursbruken i NPE, både tidsmessig og økonomisk, seier Grøndahl. Dette er eit ekstra viktig tiltak etter kvart som vi får fleire avtalesakkunnige i NPE.

Svært fornøgde med resultat i 2021

- NPE har i løpet av året nådd 117 avtalesakkunnige, som er ein auke på 10 personar frå 2020, fortel Grøndahl. Tidlegare har det vore utmanande å rekruttere sakkunnige til enkelte fagområde. For nokre år sidan snudde det, og no er det i dei fleste spesialitetar fleire tilbydarar enn utlyste avtalar hjå oss.

Produksjonen til avtalesakkunnige auka med 2,6 prosent i 2021, medan delen vurderingar frå sakkunnige med enkeltoppdrag gjekk ned med 35 prosent.

- Vi har òg kortare ventetid for dei aller fleste spesialitetar, og slik sett ein god saksflyt, så vi har all grunn til å vere fornøgde med tala for 2021.

Korleis er det å jobbe i NPE?

Det jobbar rundt 160 medarbeidarar i NPE. Det er fagfolk innan mellom anna saksbehandling, juss, IT, kommunikasjon, økonomi og leiing. Vi legg stor vekt på kvalitet og fagleg ekspertise. Erstatningssøkjaren skal vere viktigast i alle ledd i behandlinga av erstatningskrav.

«Eg har jobba fulltid i NPE i snart to år, etter eit par år med sommarjobb og deltidsstilling. Eg trivst godt på grunn av fagblandinga juss og medisin, men vil òg trekkje fram det veldig gode miljøet i NPE. Det er mykje vilje til å lære av og hjelpe kvarandre, og i det heile ikkje konkurranseprega.

For meg er det viktig at erstatningssøklarane føler dei har blitt høyrde, tekne på alvor og fått svar på det som gjorde at dei søkte om erstatning. Eg synest difor det er ei flott utvikling at vi saksbehandlarane i stadig større grad får følgje ei sak gjennom alle ledd i saksbehandlinga, frå søknaden kjem inn, til pengane blir utbetalte eller kravet blir avslått. Då sparar vi saksbehandlingstid, og det skapar tillit og tryggleik hjå søklarane å halde seg til éin person dei veit kjenner saka deira godt.»



Ottar, saksbehandlar

«Eg byrja i NPE i fjor, midt under pandemien. Dermed blei all opplæring på heimekontor. Naturleg nok er det nokre utmaningar med å bli kjend med kollegaer og nytt system via skjerm, men i mine auge kunne ein ikkje løyst situasjonen på ein betre måte, og eg er veldig fornøgd med opplegget.

Fordi NPE tilset i grupper som blir lærte opp saman og blir følgde tett av ein rettleiar, blir ein godt kjend og trygg med mange på same faglege nivå. Det gir tilknytning, låg terskel for å spørje kvarandre og moglegheit til å lære saman. Etter kvart blir vi fordelte i seksjonane, og får spesialisert oss på dei medisinske fagområda der og bli kjende med fleire kollegaer.

Eg trivst veldig godt i NPE, og likar særleg at ein skal vere heilt objektiv i vurderinga av erstatningskrava. Dessutan er det gjevande med ein jobb der ein kan gjere ein skilnad i livet til enkeltpersonar.»



Anne, saksbehandlar

«Eg er utdanna jurist og journalist, og fekk i november 2021 moglegheit til å bruke både fagbakgrunnane mine i NPE. Fram til dette hadde eg jobba som saksbehandlar i fleire år, og stortreivst med det. Då det opna seg eit vikariat på kommunikasjonsavdelinga, greip eg likevel moglegheita til å bruke andre delar av kompetansen min.

No jobbar eg med å svare på førespurnader frå presse og andre utanfor verksemda, sørgje for at informasjon om prosjekt og aktivitetar kjem ut til dei tilsette, oppdatere npe.no og intranettet, og anna kommunikasjonsarbeid. Det er fantastisk å få vere med å vise fram det viktige arbeidet NPE gjer, som eg er veldig stolt av å vere ein del av.»



Maren, kommunikasjonsrådgjevar (vanlegvis saksbehandlar)

«Eg jobba i NPE i mange år, og har alltid trivest her. Då eg bytte bustad, synest eg den daglege reisevegen blei for krevjande og bytte til ein jobb nærare heime. Etter to og eit halvt år ute, blei likevel saknet for stort. Kombinert med den auka moglegheita til heimekontor, bestemte eg meg difor for å søkje meg tilbake til NPE.

Nå rettleier eg kollegaer i deira saker, både med juridiske og medisinske spørsmål, i tillegg til å behandle egne saker.

Eg sakna å vere del av eit stort fagmiljø, og «vi-kjensla» eg meiner NPE er spesielt gode på å skape hjå sine tilsette. Moglegheit for vidareutvikling og gode støttefunksjonar, i tillegg til å vere ryddig og strukturert, gjer NPE til ein god arbeidsgjevar i mine auge.»



Trude, saksbehandlar og fagrettleiar

Møt NPE sin nye avdelingsdirektør og HR-sjef

I mars 2021 byrja Ragnhild Remøy som HR-sjef og avdelingsdirektør i den nyopprettede avdelinga for HR og organisasjonsutvikling. Ho kom frå ein karriere innan det maritime miljøet, og har mellom anna jobba som leiar på finansavdelinga ved Rolls-Royce Marine og som HR-direktør for eit skipsverft på Vestlandet.

Utradisjonelt karrierevegval

- For meg er det viktig å få lov til å gjere ein skilnad, og det opplever eg at vi kan gjennom HR-arbeidet. Difor har eg valt ein noko utypisk karriereveg i høve til andre med utdanningsbakgrunnen min.

Remøy har masterutdanningar innan økonomi og leiing (MBA), éin i Noreg og éin i Oxford. Målet om å oppnå størst mogleg suksess for verksemda er likevel den same som hjå dei tradisjonelle MBA studentane, men Remøy ynskjer å bidra mot målet gjennom å vere ei støtte og tilretteleggjar for andre på vegen dit.

Ho omtalar tilsette i verksemder som «human kapital», og meiner det må handterast med like stor eller større omhug enn tradisjonell kapital.

- Mykje av oppgåvene til HR er å balansere trivnad og tryggleik, mot yting og måloppnåing. Dei menneskelege aspekta har større gjennomslagskraft enn all verdas intenderte strategiar, held ho fram.

- Det betyr ikkje at måla og den operasjonelle effektiviteten til verksemda har mindre å seie enn ein tidlegare har trudd, men tvert imot at måloppnåinga blir større om ein tek inn over seg verknaden av kulturen på arbeidsplassen.

Utmanande å starte heimefrå

Når essensen i jobben er å støtte ein menneskemasse på rundt 160 personar, har det vore krevjande å måtte forhalde seg til flesteparten via skjerm. Periodane med større frammøte på kontoret har hjelpt, men ho ser fram til at pandemien tillet oss å treffast meir fysisk.

Ho er likevel klar på at den noko utmanande oppstarten har vore inspirerende og gjevande, takk vere hjelpsame og støttande kollegaer.

- Om NPE kan møte dei tilsette på same måte som avdelinga mi har teke imot meg, har vi langt på veg lukkast i oppdraget vårt. Eg ser fram til å vere med på vegen vidare, venteleg òg som ein kulturell arkitekt i arbeidsmiljøet til NPE.



Ragnhild Remøy